



PPT i Sogn

Underlag til
organisasjonsvurdering

Hustad, Wiggo - Deloitte - Bergen



Innhold

1. Samandrag.....	5
1.1 Bakgrunn	5
1.2 Funn - Kommunane.....	5
1.2.1 Aurland.....	6
1.2.2 Lærdal	7
1.2.3 Årdal.....	7
1.2.4 Luster	8
1.2.5 Sogndal.....	8
1.2.6 Leikanger	9
1.2.7 Vik.....	10
1.2.8 Balestrand.....	11
1.3 Funn - PP-tenestene.....	11
Voss – leverandør til Aurland	11
Årdal – leverandør til Lærdal (og Årdal)	11
Luster – Leverandør til Luster.....	12
Sogndal – Leverandør til Sogndal, Leikanger og Vik.....	12
1.3.1 Avstand til idealet – glansbileta	12
1.3.2 Kor ligg utfordringane ?.....	13
Tilrådingar	13
1.4	13
2. Bakgrunn for oppdraget	16
2.1 Tilhøvet mellom tilpassa opplæring, ordinær opplæring og spesialundervisning – kva er det vi fokuserer på?.....	17
3. Prosess.....	18
3.1 Glansbilete for tenesta	18
3.1.1 Glansbilete 1– Tilgjengeleg	19
3.1.2 Glansbilete 2– Førebyggjande.....	20
3.1.3 Glansbilete 3- Tidleg innsats.....	20
3.1.4 Glansbilete 4– Kompetanse	21
4. datainnsamling.....	22
4.1 Intervju	22
4.2 Questback	22
4.3 Kommunale data.....	22
5. Status i kommunal pp-teneste i sogn	23
5.1 Aurland.....	23
5.1.1 Kommunale bakgrunnsdata.....	23
5.1.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd.....	23
5.1.3 Fagleg leing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta ...	24
5.1.4 Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule	24
5.1.5 Fakta om skular i kommunen	24
5.1.6 Fakta om barnehagane i kommunen	26
5.1.7 Tenesteleverandør	26

5.2	Lærdal.....	27
5.2.1	Kommunale bakgrunnsdata.....	27
5.2.2	Politisk og administrativ toppleiiing si merksemd.....	27
5.2.3	Fagleg leiiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta ...	27
5.2.4	Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule	28
5.2.5	Fakta om skular i kommunen.....	28
5.2.6	Fakta om barnehagane i kommunen	30
1.4.1	Tenesteleverandør	31
5.3	Luster.....	31
5.3.1	Kommunale bakgrunnsdata.....	31
5.3.2	Politisk og administrativ toppleiiing si merksemd.....	31
5.3.3	Fagleg leiiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta ...	32
5.3.4	Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule	32
5.3.5	Fakta om skular i kommunen.....	32
5.3.6	Fakta om barnehagane i kommunen	36
5.3.7	Tenesteleverandør	39
5.4	Sogndal.....	40
5.4.1	Kommunale bakgrunnsdata.....	40
5.4.2	Politisk og administrativ toppleiiing si merksemd.....	40
5.4.3	Fagleg leiiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta ...	40
5.4.4	Kostnader – særleg tilrettelegging i barnehage og skule	41
5.4.5	Fakta om skular i kommunen.....	41
5.4.6	Fakta om barnehagane i kommunen	43
5.4.7	Tenesteleverandør	45
5.5	Leikanger.....	46
5.5.1	Kommunale bakgrunnsdata.....	46
5.5.2	Politisk og administrativ toppleiiing si merksemd.....	46
5.5.3	Fagleg leiiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta ...	46
5.5.4	Kostnader – særleg tilrettelegging i barnehage og skule	47
5.5.5	Fakta om skular i kommunen.....	47
5.5.6	Fakta om barnehagane i kommunen	49
5.5.7	Tenesteleverandør	49
5.6	Vik.....	50
5.6.1	Kommunale bakgrunnsdata.....	50
5.6.2	Politisk og administrativ toppleiiing si merksemd.....	50
5.6.3	Fagleg leiiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta ...	50
5.6.4	Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule	50
5.6.5	Fakta om skular i kommunen.....	51
5.6.6	Fakta om barnehagane i kommunen	53
5.6.7	Tenesteleverandør	55
5.7	Balestrand.....	55
5.7.1	Kommunale bakgrunnsdata.....	55
5.7.2	Politisk og administrativ toppleiiing si merksemd.....	55
5.7.3	Tenesteleverandør	55
5.8	Samanlikning på sentrale dimensjonar.....	56
6.	PP-kontora.....	60
6.1	Kompetanse, profil	60
6.1.1	Voss – leverandør til Aurland	60
6.1.2	Årdal – leverandør til Lærdal (og Årdal)	61

6.1.3	Luster – Leverandør til Luster	64
6.1.4	Sogndal – Leverandør til Sogndal, Leikanger og Vik	66
6.2	Likskap og ulikskap	68
6.2.1	Kompetanseprofil.....	68
6.2.2	Ressursbruk PPT-leiarar	69
6.2.3	Ressursbruk PPT-leiarar og PPT-tilsette ved kvart kontor	70
6.2.4	Samanlikning gjennomsnittlig ressursbruk.....	72
6.3	PP-tenesta si vurdering av kommunen som skuleeigar og bestillar	73
7.	Avstand til glansbileta	74
7.1	Vurdering av PP-tenesta.....	75
7.2	Vurdering av Eigar	77
7.3	Vurdering av Skule/barnehage	79
7.4	Vurdering av PP-kontora.....	81
7.5	Spørsmål med høgast/lågast gjennomsnittsscore	82
7.6	Spørsmål med høgast/lågast standardavvik (kan vurdere å kutte ut denne)	82
7.7	Avstand til glansbilete 1	83
7.8	Avstand til glansbilete 2	84
7.9	Avstand til glansbilete 3	85
7.10	Avstand til glansbilete 4	86
7.11	Likskap og ulikskap glansbilete	86
8.	oppsummering	87
8.1	Variasjon i kommunal ressursbruk – kva forklarar den?	87
8.1.1	Ei melding til kommunane	91
8.2	Variasjon i opplevd tenestekvalitet – kva forklarar den?	92
8.2.1	Ei melding til pp-tenesta.....	93
8.3	Er det leverandør eller kjøpar som har utfordringa?	93
8.4	Kan ein organisere seg til ei betre teneste?	93
8.5	Kan ein organisere seg til ei meir ressurseffektiv teneste?	93

1. SAMANDRAG

1.1 Bakgrunn

Sogn Regionråd utførte på oppdrag frå eigarkommunane ein forstudie om PP-tenesta i 2013, og kommunane Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Leikanger og Vik gjorde likelydande vedtak om å gjennomføre eit hovudprosjekt for å skape grunnlag for ei meir heilskapleg pp-teneste i Sogn.

Årdal, Balestrand og Høyanger kommune har ikkje delteke i prosjektet, men ynskjer å bli orientert om innhald og framdrift.

Rapporten frå forstudiet peikar på at kommunane i Indre Sogn får pp-tenester levert frå 5 ulike tilbydarar. Ein modell kan vera at ein samlar heile regionen i ei ny teneste, eller byggjer vidare på to av våre tilbydartenester.

Det er dette ein gjennom hovudprosjektet no ynskjer å få drøfte gjennom inn henting av fakta om ei god pp-teneste og dei utfordringar ein opplever i samhandlinga mellom PP-tenesta - Skuleeigar rolla og Skule/barnehage nivået.

Gjennom dette arbeidet kan me få eit betre grunnlag både for å innrette ressursbruken betre, og å sikre tilgang på kritisk kompetanse innan spesialundervisning i åra som kjem. Vi vil sjå etter tilhøve både i PP-tenesta og i kommunane som kan forklare variasjonane i tenesta, og som kan vere gode faktorar å bygge ei framtidig teneste på.

1.2 Funn - Kommunane

Tabellen under syner storleiken på skulane i regionen både med omsyn til elevtal, årsverk og årsverk knytt til spesialundervisning. Vi legg merke til at omfanget av årstimar til spesialundervisning varierer sterkt frå 15,5 i Aurland til 28 % i Luster. Luster utmerkar seg også med mange assistentårsverk. Når det gjeld fordelinga av spesialundervisninga er den også noko ulik. I Lærdal ligg dei fleste i intervallet 1-75 timar, medan dei fleste andre fordeler seg på dei fleste andre gruppene. Sogndal utmerkar seg etter elevtalet med dei fleste tilbodsmottakarane i den tyngste gruppa. Dette kan ha si naturlege forklaring frå kommune til kommune, og ein må difor kjenne «eleven» bak desse tala for å peike på gode forklaringar.

I tabellane under er tala henta frå GSI og kostra for 2013 og skuleåret 2014-2015.

Kommune	Elevtal	Undervisning		Spesialunder-visning		Assistent årsverk	Gruppering for spesialundervisning				Kostratal 2013
		Års-timar	Års-verk	Årsti-mar	% spe. underv		1-75 t	76-190 t	191-270 t	< 271	
Aurland	189	16 160	25,9	2 518	15,5	0,9	0	3	4	8	100 469
Balestrand	146	11 195	18,1	1 995	17,8	2,3	0	6	6	2	156 887
Leikanger	322	20 072	30,5	4 390	21,8	3,0	0	18	9	9	102 538
Luster	673	52 886	79,7	14 858	28,0	9,3	4	26	15	24	134 842
Lærdal	246	18 593	27,6	2 905	15,6	0,9	18	2	2	2	143 411
Sogndal	942	57 452	88,9	12 253	21,3	6,1	24	51	13	21	99 237
Vik	307	23 492	34,8	4 114	17,5	1,0	0	14	7	6	120 915
Årdal	575	39 268	63,8	7 082	18,0	2,5	8	23	13	11	123 074
Høyanger	543	49 909	77,5	9 454	18,9	7,0	4	19	9	17	138 415
Landssnitt											99 108

Tabell 1a Storleiken på skulane i regionen

Kommune	Elev- tal	Undervisning		Spesialundervisning			
		Årsti- mar	Års- verk	Årsti- mar	Tal elevar	% spes. undervis- ningsti- mar	% elevar med spes.underv .
Aurland	189	16 160	25,9	2 518	15	15,5 %	8,0%
Balestrand	146	11 195	18,1	1 995	14	17,8 %	9,6%
Leikanger	322	20 072	30,5	4 390	36	21,8 %	11,2%
Luster	673	52 886	79,7	14 858	69	28,0 %	11,7%
Lærdal	246	18 593	27,6	2 905	24	15,6 %	10,2%
Sogndal	942	57 452	88,9	12 253	109	21,3 %	12,3%
Vik	307	23 492	34,8	4114	27	17,5 %	9,3%
Årdal	575	39 268	63,8	7 082	55	18,0 %	9,6%
Høyanger	543	49 909	77,5	9 454	49	18,9 %	9,2%
Snitt Sogn & Fjordane							9,1%
Snitt Landet							8,0%

Tabell 1b Storleiken på spesialundervisning på skulane i Sogn

År	Aurland	Balestrand	Høyanger	Leikanger	Luster	Lærdal	Sogndal	Vik	Årdal	Landssnitt
2011	17,6 %	10,1 %	10,2 %	15,4 %	11,4 %	13,9 %	12,8 %	10,0 %	13,2 %	8,6 %
2012	17,0 %	8,5 %	12,7 %	15,6 %	11,1 %	13,0 %	14,1 %	10,2 %	13,1 %	8,5 %
2013	12,0 %	7,4 %	12,4 %	14,3 %	10,4 %	11,8 %	13,9 %	8,5 %	12,7 %	8,3 %
2014	7,90 %	9,60 %	9,20 %	11,20 %	11,70 %	10,20 %	12,30 %	9,40 %	9,60 %	8,00 %

Tabell 1c Utvikling av spesialundervisning 2011-13

År	Aurland	Balestrand	Høyanger	Leikanger	Luster	Lærdal	Sogndal	Vik	Årdal	Landssnitt
2011	kr 144 436	kr 151 996	kr 110 887	kr 100 564	kr 125 628	kr 127 705	kr 93 633	kr 113 567	kr 108 876	kr 91 520
2012	kr 158 367	kr 165 088	kr 128 479	kr 105 655	kr 131 143	kr 133 819	kr 96 820	kr 122 660	kr 114 871	kr 95 654
2013	kr 163 504	kr 155 530	kr 136 331	kr 105 945	kr 135 638	kr 137 355	kr 100 910	kr 123 092	kr 116 349	kr 99 108

Tabell 1d Utvikling av samla elevkostnad 2011-13

Vi ser også at samla elevkostnad per elev varierer frå i underkant av 100 000 til over 150 000. Slik variasjon heng truleg saman med både skulestruktur, skulekultur og trekk ved samansettinga av personalet. Tabell 1 c-d viser variasjonar i kommunane gjennom dei siste tre rekneskapsåra.

1.2.1 Aurland

Aurland kommune er frå administrativ leing si side godt nøgd med tenestene dei får frå Voss, og peiker på at dei utfordringane som finst i størst grad handlar om interne tilhøve hjå skuleei-

gar. Mellom anna peiker ein på at bestillarkompetansen må hevast. I dialogen med PP-tenesta vart det peika på at kommunen manglar ei planmessig tilnærming for korleis ein skal drive med spesialundervisning.

Om ein skal endre leverandør er oppfatninga frå administrativ leiing at ein bør sjå heile Indre Sogn under eitt, det vil seie å bygge/organisere ei PP-eining for heile regionen.

Det er ikkje svart på om kommunestyret i Aurland set rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast til spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp, og vi veit ikkje om kommunestyret drøftar tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen.

Av tabellen går det fram at av om lag 26 lærarårsverk vert det nytta om lag 15% til spesialundervisning. Tendensen er noko fallande dei seinare åra. Det er gjennomgåande fleire i dei høga-re klassetrinna som får spesialundervisning. Dei største tiltaka finn ein på over 220 årstimar.

Skulefagleg ansvarleg i Aurland kommune har ikkje vurdert i kva grad leverandøren av PP-tenester (Voss PPT) har kontinuerlig merksemd mot fagleg fornying, men seier i intervju at han er nøgd med tenestekvaliteten. Dette samsvarar også med svara i questback knytt til glansbiletta.

1.2.2 Lærdal

Grunna sjukdom i innsamlingsfasen er datagrunnlaget til dels manglande for Lærdal kommune med omsyn til questback og faktaark, og me har difor i stor grad berre fakta frå intervjuet å støtte oss til.

Kommunen viser til at dei per no ikkje har eit godt system for kunnskap om tilhøve mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning ved skulane. På dette feltet meiner me at skuleeigarrolla er utydeleg. Det vert vist til ein tildelingsmodell der skulane sjølve får ansvaret for mykje av det som PP-tenesta i dag leverer. Kor vidt ein har ressursar og kompetanse til dette veit ein ikkje, innafor dagens organisering. Politisk leiing er opptekne av ressursbruken, medan administrativ og fagleg leiing i tillegg må ta omsyn til rettstryggleiken for den einskilde eleven. Kommunestyret i Lærdal har ikkje sett mål om kor stor del av elevane som skal ha spesialundervisning og kor mykje som skal takast innan tilpassa opplæring.

Kommunalsjef opplever å ha stor grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning. Og han legg fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett. Kommunalsjef påpeiker at dei arbeider med ei omlegging til meir systemretta tiltak i skule og barnehage.

Kommunalsjef i Lærdal kommune opplever som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying.

1.2.3 Årdal

Årdal kommune har ikkje delte i undersøkinga, difor har ein berre lagt ut resultata frå offentlege statistikkar. Oversynet i statistikken viser at kommunen har eit relativt høgt nivå for enkeltvedtak, og at bruk av assistentar i opplæringa er høgt. Vidare ser ein at tal elevar som får spesialundervisning er høgt på dei låge timetalsgruppene. For å seie noko om denne prioriteringa må ein kjenne innhaldet i vedtaka som er gjort.

1.2.4 Luster

Luster kommune har i intervju peika på at ein har ei god teneste, men at det er rom for forbetring. Generelt er det noko «bekymring» i toppleiinga for kor vidt ein kan lukkast med å halde oppe tenesta framover, og ein ser at ei felles teneste i regionen kan vere svar på rekrutterings utfordringane for kommunen, særleg knytt til trongen for psykolog.

Det har vore ein tendens til at dei som spør om ressursar får det, og at grunngevingane i søknadane stundom er tynne. Dette er ein veikskap på «bestillarsida», og ikkje i PP-tenesta. Ein meiner at dei store skulane er betre enn dei små når det gjeld dialog mellom rektor og lærar før tilmelding til PPT. Frå PP-tenesta vert det hevda at ein ser at det bør bli ein strengare praksis når det gjeld å godkjenne søknader.

I Luster er det ein god dialog mellom PPT og barnehage/skule, men det er trong for å systematisere dette enno betre gjennom å etablere eit årshjul, samt å vere tydelegare i avklaring av kva som vert forventa i dei ulike rollane. Overgangane mellom barnehage og skule er eit tema som bør inn i systematikken.

Kommunestyret i Luster har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast til spesialundervisning. Kommunestyret har heller ikkje drøfta tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sinebehov og likebehandling av elevmassen. (Gråsonееlevane).

Rådmann opplever å ha nokså liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir rapportert jamleg. Kommunalsjef legg ikkje fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett.

Budsjettmodellen til Luster kommune legg opp til at for elevar med vedtak på meir enn 70 % spesialundervisning, så vert kostnadane dekkja av oppvekst sentralt.

Det er og eit høgt tal på assistentårsverk i kommunen. Om dette har bakgrunn i tidleg innsats eller om det er andre årsaker kan ein ikkje finne svar på i dei innsamla data.

Av tabellane går det fram at av om lag 80 lærarårsverk vert det nytta over 28 % til spesialundervisning.

Oppvekstleiar i Luster opplever som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying. Og ser at fleire ved PP-kontoret i Luster har teke etterutdanning som det er trong for i Lustraskulane og/eller barnehagane. Vidare peiker og kommunalsjefen på at det sjølvstøtt også er slik at det er avgrensa kor mange tema eit mindre PP-kontor kan vera oppdaterte på samanlikna med eit stort PP-kontor.

1.2.5 Sogndal

Dei tilsette i kommunen peiker på at tilgjenge ikkje er problemet, men manglande heilskap i tenesta. Til denne heilskapen høyrer tettare dialog skule, heim og med andre kommunale tenester. PP-tenesta jobbar for smalt, og er ønska meir til stades i klasserommet.

I barnehagen er ein svært nøgd med den kompetanse PP leverer, medan særleg ungdomsskulen saknar PP-tilsette med erfaring som lærar.

For å komme i forkant av gjeldande praksis i bruk av einskildvedtak vert det peika på at det er kommunen som har ansvaret for å legge ein plan for meir systemretta arbeid. PP-tenesta skal

rådgje i denne prosessen. Det er også kommunen og den einskilde skule sitt ansvar å etablere rutinane for kva som skal gjerast av lærar og rektor før tilmelding.

Både dei kommunale leiarane og representantar for PP-kontoret peiker på at eit større fagmiljø vil gjere det lettare å komme dei faglege behova i møte. Kor vidt dette handlar om å betre gjeldande samhandling, eller etablering av eit nytt større kontor er ein ikkje tydeleg på.

Kommunestyret i Sogndal har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast til spesialundervisning. Kommunestyret har heller ikkje drøfta tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen.

Sogndal kommune har etter rådmannen sitt syn i nokså liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å ha noko grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg. Det vert og rapportert at skulane og barnehagane har ulik rapportering til kommunestyret med omsyn til ressursbruk.

Kommunen har 89 årsverk til undervisning, og nyttar ca 21% til spesialundervisning. Tala har vore nokså stabile over tid, men tendensen er noko fallande det siste året.

Det er ulik oppfatning mellom kommunale leiarar i Sogndal kommune som kjøpar av PP-tenester, om kor vidt leverandøren har kontinuerleg merksemd mot faglege fornying.

Dette skriv seg truleg frå opplevinga som skulane og barnehagane har av kompetansen ved PP-kontoret. Sakshandsamarar med skulefagleg kompetanse er så å seie fråverande på kontoret, noko som skaper unødige konflikt og at skulane tek eit større ansvar med å tilsetja eigne lærarar med spesialkompetanse innanfor fleire arbeidsfelt enn det ein finn i barnehagen.

1.2.6 Leikanger

Leikanger og Sogndal hadde same intervju, og her er det naturleg å trekkje fram kommentarane som og er ført opp under Sogndal kommune.

Dei tilsette i kommunen peiker på at tilgjenge ikkje er problemet, men manglande heilskap i tenesta. Til denne heilskapen høyrer tettare dialog skule, heim og med andre kommunale tenester. PP-tenesta jobbar for smalt, og er ønska meir til stades i klasserommet. I barnehagen er ein svært nøgd med den kompetanse PP leverer, medan særleg ungdomsskulen saknar PP-tilsette med erfaring som lærar.

For å komme i forkant av gjeldande praksis i bruk av einskildvedtak vert det peika på at det er kommunen som har ansvaret for å legge ein plan for meir systemretta arbeid. PP-tenesta skal rådgje i denne prosessen. Det er også kommunen og den einskilde skule sitt ansvar å etablere rutinane for kva som skal gjerast av lærar og rektor før tilmelding. Her kjem det tydeleg fram at Leikanger kommune har etablert eit betre system for si samhandling med PP-kontoret enn Sogndal hadde etablert.

Både dei kommunale leiarane og representantar for PP-kontoret peiker på at eit større fagmiljø vil gjere det lettare å komme dei faglege behova i møte. Kor vidt dette handlar om å betre gjeldande samhandling, eller etablering av eit nytt større kontor er ein ikkje tydeleg på.

Kommunestyret i Leikanger har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast til spesialundervisning. Dei legg til at kommunestyret ikkje har konkret vedteke slike rammer, men ved fastsetjing av skulane sine samla rammer, er behovet for ressursar til spesialpedagogiske tiltak, ein del av avgjerdsgrunnlaget som administrasjonen har utarbeidd. Kommunestyret i Leikanger har drøfta tilhøvet mellom ressursar til einsskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen. Dette skjer i samband med budsjett/årsmelding og sak om Utviklingsmelding og tilstandsrapport for skulane.

Leikanger kommune har etter rådmannen sitt syn i svært liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å ha svært liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg.

Kommunalsjef i Leikanger kommune har ikkje grunnlag til å vurdere om dei som kjøpar av PP-tenester opplever at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying.

1.2.7 Vik

Vik kommune nyttar same tenesteleverandør som Sogndal og Leikanger.

Kommunale leiarar i Vik peiker på at dei sjølve treng å bli betre «bestillarar». Dei ser for seg ei framtidig PP-teneste der PP-kontoret vert nytta meir på systemsida, og ikkje berre kopla opp mot saksutgreiing.

Auka nærleik utanfor dei formelle møta er også noko som vil gje betre kunnskapsdeling mellom skule og PP. I Vik ønskjer ein seg gode, gjerne forskingsbaserte råd frå PP-tenesta, som lærarane kan ta med seg i sitt arbeid. Eitt område som bør få merksemd framover er PP si evne til å observere og gi råd til utvikling av klasseleiing.

Kommunestyret i Vik har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast til spesialundervisning. Kommunestyret har heller ikkje drøfta tilhøvet mellom ressursar til einsskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen.

Vik kommune har etter rådmannen sitt syn i svært liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å ha svært liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen.

Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg.

Kommunalsjef i Vik opplever å ha nokså stor grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning. Kommunalsjef legg ikkje fram eiga vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning, men dette vert gjort i samband med årsmelding/ tilstandsrapport og budsjett.

Kommunen nyttar om lag 30 lærarårsverk til undervisning, og av dette vert det nytta om lag 14 % til spesialundervisning. Desse tala varierer lite over tid. Det går også fram at det er noko auke i andelen elevar som får spesialundervisning etter kvart som dei går oppover i klassetrinna.

Kommunalsjef i Vik kommune opplever som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying. Elles merkar me oss at også denne kommunen peikar på manglande kompetanse i PP-tenesta inn mot ungdomssteget i grunnskulen.

1.2.8 Balestrand

Balestrand kommune valde å ikkje ta del i denne kartlegginga. Vi har likevel innhenta nokre opplysningar gjennom kostrarapport, GSI og via nettsida til kommunen. Nokre av dei kommunale leiarane har og svara på utsendt questback.

Kommunestyret har satt mål om kor stor del av elevane som skal ha spesialundervising og kor mykje som skal takast innan tilpassa opplæring.

Kommunen har etter rådmannen sitt syn i nokså stor grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervising, og han opplever å ha noko innverknad på bruken av midlar til spesialundervising i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir rapportert jamleg.

Balestrand kjøper PP-tenester frå PPT for Ytre Sogn og –Sunnfjord. Kommunen er godt nøgd med denne tenesta og ynskjer å halda fram med avtalen slik den no ligg føre.

1.3 Funn - PP-tenestene

Utfyllande kommentarar om kvart kontor må lesaren henta frå kap 6. PP-kontora. Her kjem det og fram tydelege variasjonar mellom kontora. Tabell 38 samanliknar gjennomsnittleg ressursbruk og her er det store variasjonar mellom kontora.

I denne delen av rapporten tek ein berre føre seg respondentane sine utsegner knytt til kompetansebehov og evt. behov for profilendringar.

Voss – leverandør til Aurland

I all hovudsak er det samsvar mellom dei som har svara på denne delen av faktaarka. PPT-leiaren ser at det er særlege typar kompetanse som det vil vere etterspurnad etter i åra som kjem, og ho strekar under at dette vil utfordra kontoret mot tema som ; rettleiingskompetanse i høve systemarbeid, læringsmiljø og tilpassa opplæring i skule. I tillegg påpeiker ho at IKT-kompetanse vil vere viktig for å gjera skulen til ein "dysleksivenleg skule", med tanke på inkludering og redusering i spesialundervising.

Då ho vart spurt om i kva grad det er lett å rekruttere til tenesta, svara ho at det kan vere utfordrande å få gode søkjarar med den type kompetanse som beskrive over. Ho påpeiker særleg at psykologstillingar kan vera vanskeleg å fylla. Men seier og at dette i stor grad er eit lønsspørsmål.

Årdal – leverandør til Lærdal (og Årdal)

PPT-leiaren ved kontoret i Indre Sogn nemner at dei i dag har god fagleg kompetanse og ser dette som ein styrke for sitt kontor. Dei tilsette ved PPT-kontoret nemner særleg logopedi og audiopedi som spesiell fagleg styrke ved kontoret, samt at dei og har tilleggsutdanning i organisasjon og leiing.

Av særlege typar kompetanse som PPT-leiaren ved Indre Sogn ser at det vil vere etterspurnad etter i åra som kjem, blir følgjande nemnd: Logopedi-kompetanse, kunnskap om systemarbeid, kartlegging og kunnskap om minoritetsspråklege elevar og kunnskap om tilpassa opplæring. PPT-leiar opplever at det er vanskeleg å rekruttere til tenesta, og at det vil vere særleg vanskeleg å rekruttere psykologar, logopedar og lærarar med spesialpedagogisk kompetanse i åra som kjem.

Luster – Leverandør til Luster

Leiaren ved Luster PPT nemner opp desse fagområder der kontoret har særleg god kompetanse; systematikk, matematikk, IT, klinisk arbeid, sosial emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar og rus. Dei tilsette ved Luster PPT nemner i tillegg dessutan alternativ og supplerande kommunikasjon og generelle lærevanskar.

Sosial emosjonelle vanskar og lese- og skrivevanskar er typar kompetanse som PPT-leiar i Luster ser at det vil vere etterspurnad etter i åra som kjem. PPT-leiaren meiner at det er lett å rekruttere til tenesta, og trur ikkje det er særlege typar kompetanse som det vil vere vanskeleg å rekruttere i åra som kjem. PPT-leiar påpeiker likevel at løna må vere konkurransedyktig. Til dømes må ein psykolog ha løn som samsvarar med andre stillingar som er aktuelle for psykologar.

Luster med det som leiarane ved dei andre kontora har gjeve uttrykk for. I førearbeidet til denne rapporten henta me inn opplysningar frå dei andre kontora i fylket, og dei var alle ein tydige på at små kontor hadde store vanskar med å rekruttere velkvalifisert personale. Særleg er dette krevjande når det gjeldt psykologstillingane.

Sogndal – Leverandør til Sogndal, Leikanger og Vik

PP-leiaren ved Sogndalsregionen PPT nemner inga spesiell fagleg styrke i kontoret, men dei tilsette ved Sogndalsregionen PPT peiker på språk, merkantilt tilsett, stabilitet, erfaring, realkompetanse, lese- og skrivevanskar, spesifikk logopedi og god Kunnskap om vidaregåande opplæring som spesiell fagleg styrke i kontoret.

PP-leiaren i Sogndalsregionen PPT meiner at det vil vere særleg etterspurnad etter kompetansane psykolog og logoped i åra som kjem. Med tanke på rekruttering til tenesta, påpeiker leiaren at det er lett å få førskulelærarar med tilleggsgutdanning. Vidare nemner ho at det nok særleg vil vere vanskeleg å rekruttere logopedar i åra som kjem.

1.3.1 Avstand til idealet – glansbileta

Her finn ein tabellar som samanliknar; Vurdering av PP-tenesta, Vurdering av eigar og Vurdering av skule/Barnehage. Der ein finn store variasjonar mellom vurderingane vil det vera naturleg å henta fram dette talgrunnlaget for å undersøkje det meir inngåande for kvar kommune. Me ser at avstanden mellom glansbileta som er trekte opp og no situasjonen i kommunane kan vere stor på einskilde område. Denne avstanden har alle samarbeidande partar ansvar for å gjere mindre dersom tilbodet til brukaren skal vera best mogeleg.

Alle funn i denne rapporten peikar tydeleg i retning av at det er **kommunen som skuleeigar** som i størst grad ikkje har rutinar på dette feltet.

På generell basis vil me nemna:

- PP-tenesta vert oppfatta som tilgjengeleg av respondentane

- Det førebyggjande arbeidet i skule og barnehage må styrkjast. Her må PP-kontora få ein større plass i institusjonane
- Bestillarkompetansen må styrkjast i kommune- og skule/barnehagenivået

1.3.2 Kor ligg utfordringane ?

Me føler at det er naudsynt å peike på fylgjande område der me ser at utfordringane no er størst:

- Kommunane har ein lengre veg å gå med samhandlingsplanar og årshjul med utgangspunkt i at dei skal fylle rollen som **skuleeigar**.
- Alle respondentane peikar på at det førebyggjande arbeidet i PP-tenesta, i kommunen, i skule/barnehage **MÅ** styrkjast . Dette er eit leiaransvar for alle samarbeidspartar.
- Tidleg innsats må **definerast** frå politisk/administrativt hald og **setjast i system** der alle partar kjenner sine rettar og sitt ansvar
- **Kompetanse** er eit særskilt viktig område, og her ligg det største ansvaret på den som har instruksjonsmynde for tilsetjingar i PP-tenesta. Det er gjennom arbeidet med å byggje god fagkompetansen at ein kan løyse dei framtidige utfordringar for PP-tenesta.

Ved å knyte saman PP-kontora på ein tenleg måte ser me at ein kan styrkje og byggje ut ei meir stabil og mindre sårbar teneste. Det vil då og bli eit meir rettferdig system for alle elevar som skal starte på vidaregåande skular i vår region. Ei gjennomgåande teneste vil styrkje denne sida av problemstillinga.

Det er og naturleg å peike på at situasjonen i arbeidsmarknaden no er utsett for sterk konkurranse, og at ein difor må ta omsyn til at ein må byggje nettverk der fleire fag kan arbeide innanfor same kontorfellesskap. Me ser og på Høgskulen i Sogn og Fjordane som ein samarbeidspart for å byggje slik kompetanse.

1.4 Tiltak

Utgangspunktet for å drøfte organisasjonsmodellar må bygge på heile rapporten, men om vi skal løfte fram nokre forhold som må betrast er det desse:

Kommunane må utvikle:

- Tydeleg planmessig tilnærming til spesialundervisning der ein langt meir aktivt gjennomfører skuleinterne vurderingar og tiltak før ein melder opp elevar. Prinsippa for slikt arbeid må forankrast i ein fagleg og politisk vedteken plan. Denne planen bør vera felles for alle PP-kontora i Sogn.
- Klåre rolleforventningar i det skulefaglege miljøet i kommunen. Vi ser at rådmennene i ulik grad opplever å kunne styre, og at dei til dels vert oppfatta som utydelege i si merksemd mot skulen. Organiseringa av skulefagleg ansvar er ulik i kommunane, og i nokre av desse er ansvaret fordelt på fleire utan at rollane er tydelege.
- Betre administrativ støtte til styringa av skuledrifta. Vi har sett at fleire kommunar har mangelfull registrering av opplysningar om omfang og kostnader knytt til tenesta. Det er svært vanskeleg å styre utan slik oversikt, og politiske og faglege diskusjonar vert tufta på upresis informasjon.

- Gode møteplassar mellom kommune og PP-tenesta der ein diskuterer og etablerer klare forventningar til kvarandre uavhengig av einskild-leveransar.

PP-kontor må utover dei eigenskapar dei har i dag i langt større grad vere kjenneteikna av å vere ei teneste som

- dekker dei behova der det er avdekka manglar i høve til dagens utfordringar (td. å dekke betre behova i ungdomsskulen), og tilføre rettleiande psykologtenester.
- har ein profil slik at ein betre kan bistå kommunane og skulane med førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Om ein skal etablere ei ny teneste basert på dei eksisterande er det så langt ikkje registrert store faglege eller praktiske innvendingar mot ei felles teneste for heile regionen. Ei slik løysing vil kunne sikre at all den kompetansen som i dag finst vert nytta betre. Truleg vil ein og kunne rekruttere betre i framtida. På den andre sida er det ikkje gitt at ein felles organisasjon treng å vere ein samlokalisert organisasjon. Utfordringa vil vere å sikre betre samhandling internt mellom tilsette i den nye PP-tenesta, mellom PPT og skulane og med skuleeigar. Slik samhandling skal ha som siktemål å halde fram med å levere godt på dei glansbileta ein er gode på i dag, og samstundes styrke kvaliteten der det er etterspurd. Det er minst fire forhold som må vurderast:

FORMELL ORGANISERING OG LEIING

Kven eig tenesta, kva for formelle styringsorgan skal ei slik teneste ha? Til formell organisering høyrer også avklaring av ansvarsområde fagleg og geografisk innan den nye eininga. Kven skal leie eininga/einingane? Dette må vere skulefagleg kompetanse kombinert med evne til å hjelpe kommunane til å bli betre til å løyse det som kan løysast i ordinær opplæring, og til å bestille spesialundervisning når det er naudsynt. Endringsprosessen må bygge på relevant lovverk der arbeidstakar sine rettar vert ivareteke.

TEKNOLOGI OG SYSTEM

Kvar har ein dei gode administrative løysingane? Vi har sett stor skilnad i både effektivitet med omsyn til å finne fram opplysningar, og kvaliteten på desse. Til val og bruk av løysingar høyrer og etablering av gode IKT-løysingar for samhandling mellom kommunar og leverandørar.

KULTUR, SPRÅK OG ÅTFERD

Gode tenester for kommunar og elevar heng tett saman med kvaliteten på den samhandlinga tenesta føreset. Dette er relasjonelle kvalitetar som må utviklast. Vi har sett at forventningsavklaring mellom partar delvis er mangelfull i dag. Det å skulle vri ressursbruk og å etablere nye relasjonar er ei stor utfordring som både kommunane og leiinga i ein ny tenesteleverandør-organisasjon må ta alvorleg.

BYGG OG FYSISKE ROM

Effektiv samhandling mellom partar kan møte fysiske hindringar. I dette arbeidet er det særleg to forhold som må takast omsyn til.

1. Det er nokre geografiske avstandar som må vurderast, slik at reisetida ikkje vert ein stor kostnad. Lite tyder på at dette er eit stort problem, all den tid at dette ikkje er ei akutt-teneste. Oppdrag i delar av regionen kan planleggast effektivt. Om ein likevel vel å operere med fleire geografiske einingar, må det kompensereast med regelmessige møte, og med gode teknologival.

2. Sidan dette er ei kompetansekravjande teneste, med kontinuerleg utviklingsbehov, vil det vere tenleg med nærleik til HISF, som både har tilsette med skulefag som fagleg spesialitet, og organisasjonsfag.

Det vert opp til styringsgruppa å ta stilling til tilrådinga frå prosjektleiar før den vert lagt fram for kommunestyra.

2. BAKGRUNN FOR OPPDRAGET

Sogn Regionråd utførte på oppdrag frå eigarkommunane ein forstudie om PP-tenesta i 2013, og kommunane Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Leikanger og Vik gjorde likelydande vedtak om å gjennomføre eit hovudprosjekt for å skape grunnlag for ei meir heilskapleg pp-teneste i Sogn.

Årdal, Balestrand og Høyanger kommune har ikkje delteke i prosjektet, men ynskjer å bli orientert om innhald og framdrift.

Forprosjektrapporten peikar på ei rad forbetningsområde. Nokre av desse er ikkje direkte knytt til korleis pp-tenesta vert organisert i framtida, men rettar seg mot den interne organiseringa i kommunane. Rapporten peikar på

- At bestillarkompetansen må bli betre – særleg knytt til systemretta tenester frå PPT
- At det er for stor variasjon i rolleforståing, arbeidsform, prosedyrar og bruk av prosessar på tvers av kommunar.
- At det finst ei otte for at bruk av spesialundervisning heng saman med kultur og tradisjon – og ikkje til faktiske behov og nyare kunnskap om god tenestekvalitet
- At overgangane mellom barnehage og skule er viktig, men ikkje god nok, og at samhandling med td barnevernet ikkje er god nok

Ved å bli betre på desse områda kan PP-tenesta levere meir presist, og bruken av slike tenester få eit rettare omfang.

Rapporten peiker i tillegg på at dei 8 sognekommunane får PP-tenester levert frå 5 ulike tilbydarar. Dette ville neppe blitt utfallet om ein starta på nytt i dag. I diskusjonen om PP-tenesta peiker rapporten også på at to fenomen opptrer samstundes:

- Elevar frå regionen scorar betre i nasjonale prøvar enn elevar frå dei fleste andre fylke
- Kommunane i Sogn nyttar (mykje) meir spesialundervisning enn snittet for fylket og landet

Vi veit ikkje om dette heng saman, berre at det er dokumentert gjennom fakta i skoleporten.no. Poenget er at det kan vere eit grunnlag både for å innrette ressursbruken betre, og å sikre tilgang på kritisk kompetanse innan spesialundervisning også i åra som kjem. For å gjere dette har regionrådet sin forprosjektrapport peika på ulike modellar. Den eine er ei felles teneste for heile regionen, den andre ei løysning med to leverandørar, primært delt etter geografi (nord og sør for Sognefjorden).

I denne rapporten bygger vi vidare på forprosjektet for å etablere eit tryggare kunnskapsgrunnlag for utvikling av tenesta, både dei utviklingsbehova som finst i kvar kommune og mellom kommunane og PP-tenesta. Vår utgangshypotese var at det ikkje var eit enkelt årsaks – verk-nadsforhold mellom organisering og bruk av ressursar. Vi ville sjå etter tilhøve både i PP-tenesta og i kommunane som kunne forklare variasjon, og som kunne vere gode faktorar å bygge ei framtidig teneste på.

2.1 Tilhøvet mellom tilpassa opplæring, ordinær opplæring og spesialundervisning – kva er det vi fokuserer på?

Det er mange omgrep som vert nytta i arbeidet med skuleutvikling, også når det gjeld tiltak utover det ein reknar som ordinær opplæring. I ein fagleg rettleiar frå Utdanningsdirektoratet heiter det:

«Prinsippet om tilpasset opplæring favner både den ordinære opplæringen og spesialundervisning. Skolens evne til å gi elevene opplæring som ivaretar deres faglige og sosiale utvikling innenfor rammen av ordinær opplæring, er med på å avgjøre behovet for spesialundervisning. Spesialundervisning er også tilpasset opplæring, men ikke all tilpasset opplæring er spesialundervisning.

Spesialundervisning skal ivareta muligheter elevene skal ha til å nå realistiske mål dersom det ikke lar seg gjøre innenfor ordinær opplæring. Derfor er det viktig at skolen bevisst bruker det handlingsrommet som ordinær opplæring gir, før rektor melder eleven til PP-tjenesten. Skolen må kartlegge, vurdere og eventuelt prøve ut nye tiltak på skolen innenfor rammen av ordinær opplæring. Dette er også presisert i [opplæringsloven § 5-4](#)³.

Det er vanskelig å vite på forhånd hvilke barn, unge og voksne som har behov for særskilt hjelp og støtte. Derfor er det nødvendig at kommunen og fylkeskommunen har systemer for å fange opp og følge opp elevers vansker, både innenfor rammen av den ordinære opplæringen og gjennom spesialundervisning.

Oppdages vanskene tidlig, kan varigheten av tiltakene og konsekvensene begrenses. Elevens vansker kan ha årsak i individuelle forhold, forhold i læringsmiljøet og/eller mangelfull tilrettelagt opplæring.

For å oppleve økt læringsutbytte, er elevene avhengig av å være del av et læringsmiljø som tar hensyn til variasjoner i deres evner og forutsetninger. Dette inkluderer også elever som har vansker knyttet til språk, ferdigheter og atferd.

Samarbeid med foreldre, et godt læringsmiljø og en undervisningspraksis som tar hensyn til at elevene lærer på ulike måter og i ulikt tempo, kan forebygge vansker og avhjelpe eventuelle vansker når de oppstår.

Mange av behovene for hjelp og støtte kan møtes innenfor rammen av den tilpassede opplæringen, dette favner ordinær opplæring og spesialundervisning. Spesialundervisning er en individuell rett som eleven har i de tilfellene han eller hun trenger ekstra tilrettelegging utover den ordinære opplæringen.


Skolen må bruke handlingsrommet som ligger innenfor rammen av ordinær opplæring slik at tiltak som fremmer læring og forebygger vansker settes i gang. Kommunens og fylkeskommunens rammer avgjør handlingsrommet.

Rammen omfatter lærertetthet, lærernes kompetanse, pedagogiske praksis og ledelse ved den enkelte skole. Hvordan den enkelte kommune og fylkeskommune utnytter ressursene, er avgjørende for hvordan skolen kan legge til rette for tilpasset opplæring. Dersom skolen ikke har de nødvendige ressursene som skal til for å tilpasse den ordinære opplæringen, så bør skolen få tilført flere ressurser, før saken henvises til PP-tjenesten for sakkyndig vurdering».

3. PROSESS

Arbeidet med å ta fram avgjerdsgrunnlag for ei ny PP-teneste i Sogn følger prosessen vist i figuren under:

Innhaldet i rammeverket er delt inn etter fasane i prosessen, med hovudvekt på fasane kor ekstern rådgjevar har ei aktiv rolle



Figur 3a

Figuren viser at input er forprosjektrapporten, «Glansbildemetodikk», skuleeigaranalysen, og spørjeundersøking (Questback og intervju). Skuleeigaranalysen er ikkje gjennomført som del av dette prosjektet, men tema og analysar frå denne modellen er tekne inn i intervjuet som spørsmål og påstandar til drøfting.

Rammeverket for å avdekke behov bygger på resultatet frå eit seminar med rådgjevar Turid Mykkeltvedt frå Utdanningsdirektoratet i slutten av august¹. Her vart trekk ved ei god framtidig teneste omtala som «Glansbilete». Slike glansbilete beskriv ønska eigenskapar ved ein god PPT-praksis. Andre kjelder vert så nytta til å beskrive i kva grad det er avstand til dette glansbiletet.

3.1 Glansbilete for tenesta

Glansbileta bygger tematisk på det som frå Utdanningsdirektoratet vert peika på som trekk ved ein god praksis². Til kvart tema har lokale PP-leiarar og skuleleiarar delteke i utforminga av

¹ Seminaret hadde god oppslutnad og deltaking frå kommunane i regionen, PP-tenesta Statped Vest og HiSF.

² Dette baserer seg på Meld. St. 18 (2010-2011) Læring og fellesskap – omtala i: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/pedagogisk-psykologisk-tjeneste-.html?id=699010>

påstandar om kva dei meiner er t.d. teikn på ei «tilgjengeleg» teneste, eller ei «førebyggjande» teneste.

Kvart glansbilete rettar forventningar til aktørane: PP-tenesta, eigar (kommuneleiinga), og til den einskilde skule/barnehage. Dette peiker på at ein god praksis ikkje berre er ein aktør sitt ansvar, men at kvalitet i praksisen må bygge på eit samspel.

3.1.1 Glansbilete 1– Tilgjengeleg

Omgrepet «tilgjengeleg» var drøfta av seminardeltakarane, og fekk ei omfattande tyding. Ei tilgjengeleg teneste føreset at

- PP-tenesta er imøtekomande
- PP-tenesta bistår kommunen med gode råd om korleis samarbeidet med andre aktørar i oppvekstsektoren (helsestasjon, barnevern, etc) kan utviklast
- PP-tenesta har faste kontaktpersonar mot skular og barnehagar
- PP-tenesta er tilgjengeleg for skulen/ barnehagen med rett kompetanse til rett tid
- PP-tenesta er tilgjengelege og aktive i samband med overgangar (foreldremøte, personalmøte, m.v.)
- PPT utarbeider sakkunnige vurderingar for elevar innan rimeleg tid
- PP-tenesta evaluerer og prioriterer ressursbruk for å sikre rimeleg lik merksemd mot ulike skular/barnehagar

Ei tilgjengeleg teneste føreset at

- Kommuneleiinga sikrar at ulike einingar i kommunen har godt definerte ansvarsområde (helsestasjon, barnehage og skule) innafor eit heilskapleg oppvekstlivsløp slik at ingen sakskompleks "fell mellom fleire stolar"
- Kommuneleiinga sikrar at skulen/barnehagen har tilstrekkeleg fokus på systemretta arbeid
- Foreldra får tilstrekkeleg informasjon om kva rettar elevane har når det gjeld tilpassa opplæring og spesialundervising, jf opplæringslova
- Kommuneleiinga set skuleleiinga i stand til å bestille rett teneste frå PPT
- Kommuneleiinga har gitt tydelege føringar om at skulen jamleg skal gjennomføre og dokumentere kartlegging av elevane sitt læringsutbytte

Ei tilgjengeleg teneste føreset at

- Skulen/barnehagen sikrar alle elevar gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom hovudtrinna

PP-tjenesten er tilgjengelig og bidrar til helhet og sammenheng
PP-tjenesten skal, sammen med det øvrige lokale hjelpeapparatet og andre instanser, være tilgjengelig for brukerne. PP-tjenesten skal bidra til helhet og sammenheng i tiltak overfor barn, unge og voksne med behov for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.

3.1.2 Glansbilete 2– Førebyggande

At PP-tenesta er førebyggande handlar om dei heilskaplege grepa som ikkje vert retta mot einskildelevar, men mot det systemet elevane er del av.

I Sogn er dette forstått slik – uttrykt som glansbilete - å vere førebyggande krev at

- PP-tenesta deltek aktivt på fellesarenaer saman med Helsestasjon, foreldre, barnehage/skule
- PP-tenesta rettleier planarbeidet for kontinuerleg systemarbeid i skular og barnehagar
- PP-tenesta driv systematisk rettleiing av personalet i barnehage slik at dei blir i stand til tidlig å identifisere behov, og sette i verk tiltak
- PP-tenesta intervenserer tidleg i barnehagen - bidreg til kartlegging, identifiserer utfordringar og rådgir for tidleg innsats
- PP-tenesta tek del i observasjon og oppfølging i klassemiljøet før eventuell tilmelding

Det krev dessutan at

- kommuneleiinga jamleg etterspør informasjon om PP-tenesta si prioritering av ressursar til førebyggande arbeid

og at

- Skulen/barnehagen inviterer ved behov PPT til observasjon av klassemiljø før eventuell tilmelding av einskildsaker

3.1.3 Glansbilete 3- Tidleg innsats

Tidleg innsats skil seg frå førebyggande med at dette rettar seg mot den einskilde. I Sogn vert dette forstått som at

- PP-tenesta har gode og tydelege prosedyrar for mottak av tilmelding
- PP-tenesta gir aktivt råd til kommunane om førtilmeldingsprosedyrar
- PP-tenesta har ein tydeleg og forståeleg «tenesetekatalog» slik at lærarar/barnehagelærarar veit kva type hjelp og oppfølging (kompetanse) PPT kan bidra med

Forventningane til eigar var uttrykt slik:

- Kommunale leiarar har god kjennskap til kva kompetanse PPT sit på

PP-tjenesten arbeider forebyggende

PP-tjenesten skal arbeide forebyggende slik at barnehagen og skolen i størst mulig grad kommer i forkant av problemer og lærevansker. PP-tjenesten skal ha kompetanse til å hjelpe barnehager og skoler der det oppstår særskilte problemer knyttet til barn og elevers utvikling og læring. Departementet mener at PP-tjenesten bør bruke mer tid til å bistå i forebyggende arbeid og i kompetanse- og organisasjonsutvikling. PP-tjenestens systemarbeid skal være rettet mot elever som har særskilte behov, men årsaken til behovene trenger ikke nødvendigvis være knyttet til eleven. De kan også ha sin årsak i måten skolen har valgt å organisere klassen og opplæringen på, mangel på nødvendig kompetanse og klasseledelsesutfordringer.

PP-tjenesten bidrar til tidlig innsats

Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barns liv og tidlig inngripen når problemer oppstår eller avdekkes i førskolealder og i løpet av grunnopplæringen. Voksne kan samtidig ha behov for fornyet opplæring som følge av at den opplæringen de i utgangspunktet fikk var mangelfull, eller de kan ha behov for fornyet opplæring i grunnleggende kommunikasjonsferdigheter etter sykdom, skade eller ulykker.

PP-tjenesten skal, sammen med barnehagen og skolen, bidra til at det settes inn tiltak raskt når barn og elever er henvist til PP-tjenesten.

- Kommuneleiinga held drøftingsmøte 2 – 4 gonger i året basert på anonyme meldingar, der også PPT deltek

Ein skule/barnehage kjenneteikna av å ha ein god «Tidleg innsats-praksis»

- praktiserer systemoppmelding før tilmelding
- opplever låg terskel for å ta kontakt med PPT
- ser på PPT som ein naturleg (og ansvarleg) samarbeidspartnar når det gjeld utvikling av læringsmiljøet i barnehage og skule

3.1.4 Glansbilete 4– Kompetanse

I botnen for god tenestekvalitet ligg sjølvstøtt at tenesta er kompetent. Desse forventningane vart uttrykte om ei kompetent PP-teneste:

- PP-tenesta har tilstrekkeleg fagkompetanse innafor alle dei problemstillingar som tenesta skal arbeide med
- PP-tenesta hentar inn kompetanse hjå andre når denne ikkje er til stades eller tilgjengeleg i eige kontor i ein-skildsaker
- PP-tenesta har haldningar og vilje til å gjere skulen/barnehagen betre i stand til å løyse utfordringar knytt til eleven sitt læringsutbytte
- Skulen/barnehagen får god hjelp frå PPT med systemretta kompetanse når det vert bestilt
- Skulen/barnehagen får tenester frå PPT knytt til elevar med enkeltvedtak når det vert bestilt

Som sagt innleiingsvis i dette kapittelet heng kvaliteten på eit samspel mellom aktørane. Ei kompetent PP-teneste handlar difor også om at:

- Barnehage og skule har gode system for vurderingar ved overgangar mellom ulike trinn i utdanningsløpet
- Skulen/barnehagen rekrutterer og vidareutdannar tilsette for å kunne føre god fagleg dialog med spesialpedagogar/PPT om systemretta tiltak (organisasjonsutvikling)
- Skulen/barnehagen rekrutterer og vidareutdannar tilsette for å kunne føre god fagleg dialog med spesialpedagogar/PPT om individretta tiltak (einskildvedtak/tilpassa opplæring)

Glansbileta og påstandane over har danna grunnlag for både utforming av intervjuguide og til Questback. I tillegg til Questback har vi henta inn fakta om økonomisk-administrative tilhøve knytt til tenesta i kvar kommune.

PP-tjenesten er en faglig kompetent tjeneste i alle kommuner og fylkeskommuner

fylkeskommuner

PP-tjenesten skal utarbeide sakkyndige vurderinger av god kvalitet som skal gi et godt grunnlag for å avgjøre om det skal fattes vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, eller om det skal settes inn tiltak innenfor rammen av tilpasset opplæring. Sakkyndig vurdering er et viktig element i rettssikkerheten til elevene, og den er et viktig dokument for skolen som skal gjennomføre opplæringen og for at barn under opplæringspliktig alder skal få nødvendig spesialpedagogisk hjelp.

4. DATAINNSAMLING

Datagrunnlaget for denne rapporten baserer seg på intervju og to typar spørjeskjema, i tillegg til dei drøftingane vi har hatt med rådmannsgruppa og den faglege referansegruppa.

4.1 Intervju

Intervju er gjennomført som gruppeintervju, der rådmann, skulefagleg ansvarleg, representant for skulen (rektor) og barnehagen (styrar), samt PP-kontor har vore tilstade. Intervjua er skrivne i fulltekst, og seinare bearbeidd opp mot intervjuguide/glansbilete, sidan det synte seg vanskeleg å følgje strukturen i intervjuguiden fullt ut. Intervju er utført med Lærdal og Aurland samla, i Luster, i Vik (videomøte) og med Leikanger og Sogndal.

4.2 Questback

Questback er epostbasert utsending og innhenting av data via spørjeskjema. Her har vi hatt ulike respondentgrupper: Rådmann, skulefagleg ansvarleg³, rektor, barnehagestyrar, pp-leiar og pp-tilsett. Dei fleste spørsmål er like til alle respondentgruppene, medan nokre vert ruta berre til deler av respondentgruppene. Td har rådmennene ikkje fått meir detaljerte spørsmål om tenesta.

4.3 Kommunale data

Tilsvarande har vi spurt kommunane og pp-tenesta om storleik og ressursbruk knytt til spesialundervisning i kommunane dei siste tre åra. Dette har vi gjort ved å sende respondentgruppene ulike excel-ark, som dei så har fylt inn i og returnert.

Samla ansvar for datainnhenting og bearbeiding til rapport er ivareteke av Wiggo Hustad. Questback og ressursdata er innhenta og bearbeidd av Øyvind Eikeland og Karen Osmundsen, Deloitte Bergen.

I tillegg til datafangsten ovanfor, har prosjektleiar samla inn stoff frå kommunane sin opplæringsrapport – ”Grunnskulen sitt informasjonssystem” – GSI. Dette er ein open og ein lukka del, og den lukka delen gir oss oversikt over spesialundervisning og fordelinga av elevgrupper ved kvar skule i dei respektive skulane. Denne oversikten er attgjeve innleiingsvis i kapittel 5.

Som det vil gå fram av rapporten har det i fleire kommunar vore vanskeleg å få tak i data, eller å få ulike leiarar til å svare. Dette kan ha ulike forklaringar, men vi vel også å oppfatte det som eit sjølvstendig funn. Leiarar på ulike nivå føl ikkje opp vedtak gjort av kommunestyra, som har tinga denne gjennomgangen.

³ Organiseringa av ansvaret for skule er noko ulik i kommunane i regionen. I denne samanhengen har vi oppfatta kommunalsjef med ansvar for oppvekst, skulefagleg ansvarleg og ansvarleg for barnehagar å ha like ansvarsområde.

5. STATUS I KOMMUNAL PP-TENESTE I SOGN

Tabellen under syner storleiken på skulane i regionen både med omsyn til elevtal, årsverk og årsverk knytt til spesialundervisning. Vi legg merke til at omfanget av årstimar til spesialundervisning varierer sterkt frå 15,5 i Aurland til 28 % i Luster. Luster utmerkar seg også med mange assistentårsverk. Når det gjeld fordelinga av spesialundervisninga er den også noko ulik. I Lærdal ligg dei fleste i intervallet 1-75 timar, medan dei fleste andre fordeler seg på dei fleste andre gruppene. Sogndal utmerkar seg etter elevtalet med dei fleste tilbodsmottakarane i den tyngste gruppa.

Kommune	Elevtal	Undervisning		Spesialundervisning		Assistent årsverk	Gruppering for spesialundervisning				Kostras-tal 2013
		Årstimar	Årsverk	Årstimar	% spe. underv		1-75 t	76-190 t	191-270 t	< 271	
Aurland	189	16 160	25,9	2 518	15,5	0,9	0	3	4	8	100 469
Balestrand	146	11 195	18,1	1 995	17,8	2,3	0	6	6	2	156 887
Leikanger	322	20 072	30,5	4 390	21,8	3,0	0	18	9	9	102 538
Luster	673	52 886	79,7	14 858	28,0	9,3	4	26	15	24	134 842
Lærdal	246	18 593	27,6	2 905	15,6	0,9	18	2	2	2	143 411
Sogndal	942	57 452	88,9	12 253	21,3	6,1	24	51	13	21	99 237
Vik	307	23 492	34,8	4114	17,5	1,0	0	14	7	6	120 915
Årdal	575	39 268	63,8	7 082	18,0	2,5	8	23	13	11	123 074
Høyanger	543	49 909	77,5	9 454	18,9	7,0	4	19	9	17	138 415

Tabell 5a Storleik på skulane i regionen

Vi ser også at samla elevkostnad pr elev varierer frå i underkant av 100 000 til over 150 000. Slik variasjon heng truleg saman med både skulestruktur, skulekultur og trekk ved samansettinga av personalet.

5.1 Aurland

5.1.1 Kommunale bakgrunnsdata

Aurland kommune har 1736 innbyggjarar⁴ (pr 2014, 3.kvartal). I kommunen er det 2 skular. Barnehagane i Aurland er organisert som ein barnehage, med avdelingar i Skjerpjeng, Flåm, Dalen og i Vangen sentrum. I tillegg er det ein privat barnehage på SJH. Av skulane er det 1 barneskule og 1 kombinert barne- og ungdomsskule⁵. Ein av skulane er fådelt.

5.1.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd

Den administrative toppleinga har i intervju og spørjeskjema blitt spurt om ulike sider ved tenesta i dag, og korleis den tenkjer kring framtidig organisering.

Aurland kommune er frå administrativ leing si side godt nøgd med tenestene dei får frå Voss, og peiker på at dei utfordringane som finst i størst grad handlar om interne tilhøve. Mellom anna peiker ein på at bestillarkompetansen må hevast. I dialogen med pp-tenesta vart det peika på at kommunen manglar ei planmessig tilnærming for korleis ein skal drive med spesialundervisning. Utan slik plan vert det vanskeleg å rette innsatsen mot førebyggjande og tidleg innsats. Det er ei oppfatning om at dialogen mellom ppt og skulane i det daglege er konsentrert om einsskildelevar, og i liten grad om det systemiske. Grunnane til dette er fleire, mellom anna at

⁴www.snl.no

⁵<http://www.aurland.kommune.no/barn-skule-og-familie.160300.nn.html>

ein som lærar ikkje har tilstrekkeleg spesialkompetanse, og at ein heller ikkje kjenner godt nok kva kompetanse pp-tenesta kan tilby.

Om ein skal endre leverandør er oppfatninga frå administrativ leiing at ein bør sjå heile Indre Sogn under eitt, det vil seie å bygge ei PP-eining for heile regionen.

Kommunestyret i Aurland har ikkje satt mål om kor stor del av elevane som skal ha spesialundervising og kor mykje som skal tas innan tilpassa undervising innan ordinær opplæring.

Aurland har etter rådmannen i sitt syn i svært liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervising. Dette kan sjåast som ein direkte konsekvens av at kommunestyret ikkje har sett slike mål. Han opplever også å ha nokså liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg. Rådmannen veit ikkje/kjenner ikkje til kor vidt kartlegginga av einskilde elevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.1.3 Fagleg leiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta

Den faglege skuleleiinga peiker i intervju på at ein er godt nøgd med tenesta i dag, men at det er krevjande å strekke seg mot glansbileta. Ein meiner det vert feil å sjå på «prosentar på spesialundervisning», «kostnadane forsvinn ikkje om ein hever innsatsen innafor ordinær undervisning» i form av tilpassa undervisning.

Skulefagleg ansvarleg har ikkje fylt ut spørjeskjema om i kva grad han opplever å ha innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning. Vi veit heller ikkje om det er praksis i Aurland å legge fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett.

Det er ikkje svart på om kommunestyret i Aurland sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast spesialpedagogiske tiltak, og vi veit ikkje om kommunestyret drøftar tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen

5.1.4 Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule

Korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, var i 2011 kroner 88 510 for alle barnehagar. Desse auka til 94 250 kroner i 2012 og redusert att til 78 650 kroner i 2013.

Korrigerte brutto driftsutgifter, ekskl. minoritetsspråklege, til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, var i 2011 48 510 kroner for alle barnehagar. Desse blei redusert til 45 510 kroner i 2012, og auka igjen til 48 510 kroner i 2013.

5.1.5 Fakta om skular i kommunen

Under er ein samletabell for Aurland kommune basert på spørsmål til rektorane. I kolonnen «Sum/Snitt Aurland kommune» har vi rekna ut sum for tala, og snitt for andel.

Skulenamn	Flåm Skule				Aurland barne-og				Sum/Snitt Aurland kommune			
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Er skulen ein del av eit	Nei				Nei				<i>Tal er oppgitt som sum, mens andel er oppgitt som snitt</i>			
Fådelt/udelt	Ja				Nei							
Barneskule	Ja				Nei							
Ungdomsskule	Nei				Nei							
Kombinert barne- og ungdomsskule	Nei				Ja							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal årsverk pedagogisk personell	6,8	6,5	6,25	6,25	21	20,3	20,1	20,4	27,8	26,8	26,4	26,7
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	0	0	0	0	1,4	2,1	1,7	1,2	1,4	2,1	1,7	1,2
Tal årsverk ikkje fagutdanna	1,8	1,1	1,1	1	1	1	1	1	2,8	2,1	2,1	2,0
Sum årsverk ved skulen	8,6	7,6	7,35	7,25	23,4	23,4	22,8	22,6	32,0	31,0	30,2	29,9
Andel elevar ved skulen som får spesialundervisning etter § 5-1	8,5 %				8 %				8 %			
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	14,2 %				16 %				15 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvaret for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervisning	Nei				Nei							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal på elevar ved skulen	34	33	33	35	159	149	159	154	193	182	192	189
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	11,8 %	6,0 %	3,0 %	0,0 %	6,8 %	11,5 %	8,6 %	0,0 %	9 %	9 %	6 %	0 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	8,8 %	6,0 %	6,0 %	8,6 %	12,7 %	11,1 %	9,5 %	7,7 %	11 %	9 %	8 %	8 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	-	-	-	-	26,3 %	28,8 %	20,3 %	15,6 %	26 %	29 %	20 %	16 %
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	25,7 %	20,5 %	15,6 %	14,2 %	24,5 %	23,1 %	23,6 %	16,0 %	25 %	22 %	20 %	15 %

Tabell 5b Samletabell rektorar Aurland kommune

Av tabellen går det fram at av om lag 30 lærarårsverk vert det nytta om lag 15% til spesialundervisning. Tendensen er noko fallande dei seinare åra. Det er gjennomgåande fleire i dei høgare klassetrinna som får spesialundervisning. Dei største tiltaka finn ein på over 220 årstimar.

5.1.6 Fakta om barnehagane i kommunen

Under er ein samletabell for Aurland kommune basert på spørsmål til barnehagestyrarane. I kolonnen «Sum/snitt Aurland kommune» er tala rekna saman til sum, mens vi har rekna gjennomsnitt på andelar.

Barnehage	Kommunale Barnehagar Aurland (KBA)				Sum/snitt Aurland kommune			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	76	72	59	51	76	72	59	51
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	24	24	23	20	24	24	23	20
Andel tilsette med barnehagelærerutdanning (prosent)	33 %	33 %	35 %	30 %	33 %	33 %	35 %	30 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	4 %	4 %	4 %	5 %	4 %	4 %	4 %	5 %
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidarar)	42 %	42 %	43 %	45 %	42 %	42 %	43 %	45 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	21 %	21 %	17 %	20 %	21 %	21 %	17 %	20 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Nei							
Kommentar								

Tabell 5c Samletabell barnehagestyrarar Aurland kommune

I barnehagane i Aurland er det få som får ekstra ressursar til styrka tilbod. 1/3 av dei tilsette har barnehagelærerutdanning, resten har fagarbeidarutdanning.

5.1.7 Tenesteleverandør

Skulefagleg ansvarleg i Aurland kommune har ikkje vurdert i kva grad leverandøren av PP-tenester (Voss PPT) har kontinuerlig merksemd mot fagleg fornying, men har i intervju sagt seg nøgd med tenestekvaliteten. Dette samsvarar også med svara i questback knytt til glansbiletta.

5.2 Lærdal

5.2.1 Kommunale bakgrunnsdata

Lærdal kommune har 2200 innbyggjarar. I kommunen er det 3 skular og 2 barnehagar⁶. Av skulane er det 2 barneskular og 1 kombinert barne- og ungdomsskule. 2 av skulane er fådelt.

Ein generell kommentar om Lærdal kommune er at responsen på undersøkinga er svak og/eller svært sein. Datakvaliteten lir under dette.

5.2.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd

Den administrative toppleinga har i intervju og spørjeskjema blitt spurt om ulike sider ved tenesta i dag, og korleis den tenkjer kring framtidig organisering. Lærdal kommune har i intervju peika på at ein er oppteken av å framskaffe eit Kunnskapsgrunnlag, og at dette må leggest til grunn for val av organisering. Det vert vist til modellar der skulane sjølv får ansvaret for mykje av det som pp-tenesta i dag leverer. Kor vidt ein har ressursar og kompetanse til dette veit ein ikkje, innafor dagens organisering. Politisk leing er opptekne av ressursbruken, medan administrativ og fagleg leing i tillegg må ta omsyn til rettstryggleik for den einskilde eleven.

Kommunestyret i Lærdal har ikkje satt mål om kor stor del av elevane som skal ha spesialundervising og kor mykje som skal takast innan tilpassa undervising innan ordinær opplæring.

Lærdal har etter rådmannen i sitt syn i svært liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervising, og han opplever å ha svært liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervising i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg. Rådmannen er i nokså stor grad kjent med kor vidt kartlegginga av einskilde elevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.2.3 Fagleg leing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta

Kommunalsjef opplever å ha stor grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervising. Kommunalsjef legg fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervising i samband med årsmelding og budsjett. Kommunalsjef påpeiker at dei arbeider med ei omlegging til meir systemretta tiltak i skule og barnehage

Kommunestyret i Lærdal har no sett i gang eit arbeid for å redusere spesialundervisninga i kommunen. For skuleåret 2016-2017 ynskjer dei at ein skal redusere vedtaka slik at maks 10% av elevane får enkeltvedtak. Kommunestyret har ikkje hatt særlege drøftingar om tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen, så lenge kommunalsjefen har vore i kommunen (sidan mars 2013).

⁶<http://www.laerdal.kommune.no/barnehage.161124.no.html>

5.2.4 Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule

Korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, var i 2011 kroner 81 000 for alle barnehagar. Desse auka til 88 818 kroner i 2012 og 92 231 kroner i 2013.

Korrigerte brutto driftsutgifter, ekskl. minoritetsspråklege, til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, var i 2011 202 500 kroner for alle barnehagar. Desse blei redusert til 162 833 kroner i 2012, og auka igjen til 202 000 kroner i 2013.

Arbeidsgruppa har ikkje motteke svar frå kommunen på spørsmålet om «Kostnader – tilrettelegte tiltak grunnskule»

5.2.5 Fakta om skular i kommunen

Berre ein av rektorane i Lærdal kommune har svart på undersøkinga. Vi syner difor til nokre av tala frå oversiktstabellen innleiingsvis i dette kapittelet (innhenta av prosjektleiar). Under er ein samletabell for Lærdal kommune basert på spørsmål til rektorane. I kolonnen «Sum/Snitt Lærdal kommune» har vi rekna ut sum for tala, og snitt for del elevar. Denne viser at Ljøsne skule nyttar 10% av lærartimane til spesialundervisning, mot eit snitt på 15 for kommunen samla (samletabell innleiingsvis i kap 5). Om denne skilnaden er forklart med Lærdaløyri skule eller Borgund oppvekstsenter veit vi ikkje, då me ikkje har faktaark frå desse skulane

Skulenamn	Ljøse skule				Snitt Lærdal kommune			
	Er skulen ein del av eit oppvekstsenter?	Ikkje svart						
Fådel/udelt	Ikkje svart							
Barneskule	Ikkje svart							
Ungdomsskule	Ikkje svart							
Kombinert barne- og ungdomsskule	Ikkje svart							
	2011/2012	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2011/2012	2012/2013	2013/2014	2014/2015
Tal årsverk pedagogisk personell	5,65	6,5	6,6	5,9	5,65	6,5	6,6	5,9
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	0,7	0,1	0,1	0	0,7	0,1	0,1	0
Tal årsverk ikkje fagutdanna	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum årsverk ved skulen	6,35	6,6	6,7	5,9	6,35	6,6	6,7	5,9
Andel elevar ved skulen som får spesialundervisning etter § 5-1	10 %				10 %			
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	10 %				10 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvaret for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervisning	Ja							
	2011/2012	2012/2013	2013/2014	2014/2015	2011/2012	2012/2013	2013/2014	2014/2015
Tal på elevar ved skulen	-	-	-	-				
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	4 %	8 %	10 %	8 %	4 %	8 %	10 %	8 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	8 %	3 %		2 %	8 %	3 %	0 %	2 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	-	-	-	-				
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	12 %	11 %	10 %	10 %	12 %	11 %	10 %	10 %

Tabell 5d Samletabell rektorar Lærdal kommune

5.2.6 Fakta om barnehagane i kommunen

Under er ein samletabell for Lærdal kommune basert på spørsmåla til barnehagestyrarane. «Sum/snitt Lærdal kommune» er tala rekna saman til sum, medan vi har rekna gjennomsnitt på andelar.

Barnehage	Borgund barnehage				Lærdalsøyri og Borgund Barnehage				Sum/snitt Lærdal kommune			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	15	15	9	9					15	15	9	9
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	2	3	2	2 %	9 %	10 %	13 %	5 %	9 %	10 %	13 %	4 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	2	3	2	2 %	4 %	6 %	6 %	4 %	4 %	6 %	6 %	3 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	7	8	8	6					7	8	8	6
Andel tilsette med barnehagelærarutdanning (prosent)	28,5 %	25 %	37,5 %	50 %	35,0 %	24 %	23,0 %	39 %	35,0 %	24,0 %	23,0 %	45 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	2 %	0 %	0 %	0 %	2 %	0 %
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	14,3 %	12,5 %	12,5 %	0 %	41,0 %	31,0 %	35,0 %	21 %	41 %	31 %	35 %	11 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	57,2 %	62,5 %	50 %	50 %	38,0 %	38,0 %	38 %	42 %	38,0 %	38,0 %	38,0 %	46 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Ja				Ja							
Kommentar					Tala i tabelle for 2011-2013 er henta frå SSB, kostra og gjeld heile kommunen. Tala for 2014 gjeld Lærdalsøyri barnehage.				Her har eg berekna snitt for 2014, mens tala for sum/snitt Lærdal kommune for 2011-2013 kunn er henta frå "Lærdalsøyri og Borgund barnehage", ref kommentar			

Tabell 5e Samletabell barnehagestyrarar Lærdal kommune

1.4.1 Tenesteleverandør

Kommunalsjef i Lærdal kommune opplever som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying.

5.3 Luster

5.3.1 Kommunale bakgrunnsdata

Luster kommune har 5105 innbyggjarar. I kommunen er det 9 skular og 9 barnehagar. Av skulane er det 1 barneskule og 1 ungdomsskule, samt 1 kombinert barne- og ungdomsskule. 6 av skulane er fådelte.

5.3.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd

Den administrative toppleinga har i intervju og spørjeskjema blitt spurt om ulike sider ved tenesta i dag, og korleis den tenkjer kring framtidig organisering.

Luster kommune har i intervju peika på at ein har ei god teneste, men at det er rom for forbetring. Generelt er det noko bekymring i toppleinga for kor vidt ein kan lukkast med å halde oppe tenesta framover, og ein ser at ei felles teneste i regionen kan vere svar på rekrutteringsutfordringa, særleg knytt til trongen for psykolog.

Rådmannen får ikkje mange klagesaker på sitt bord, men det er ei viss otte for at ressursbruken er i største laget. Det har etter rådmannen sitt syn vore ein kultur i skulen til at dei som spør om ressursar får det, og at grunngevingane i søknadane difor stundom kan vera noko tynn. Dette er ein veikskap på bestillersida, og ikkje i pp-tenesta. Ein meiner at dei store skulane er betre når det gjeld dialog mellom rektor og lærar før tilmelding til ppt. Frå pp-tenesta ser ein at det bør bli ein strengare praksis når det gjeld å godkjenne søknader.

I Luster har ein ein god dialog mellom ppt og barnehage/skule, men det er trong for å systematisere dette enno betre gjennom å etablere eit årshjul, samt å vere tydelegare i avklaring av kva som vert forventa i ulike roller. Overgangane mellom barnehage og skule er eit tema som bør inn i systematikken. I dei tilfella ein har vore tidlig inne, alt i barnehagen, er erfaringane at det reduserer trongen for vidare spesialundervisning.

Kommunestyret i Luster har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast til spesialpedagogiske tiltak. Det som har vore diskutert er andel enkeltvedtak. Ei ramme for spesialpedagogikk er ikkje blitt eksplisitt diskutert, berre det at tala for spesialundervisning er høge. Dette er markert dei seinare åra i kommunestyret ved at det er sett opp mål om reduksjon av ressursane på dette området for 2015 med kr 250.000. Kommunestyret har heller ikkje drøfta tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sinebehov og likebehandling av elevmassen, og oppvekstleiar påpeiker at der er Luster kommune på likefront med majoriteten av kommune-Noreg.

Kommunen har etter rådmannen sitt syn i nokså stor grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å

ha nokså liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir rapportert jamleg. Rådmannen er i nokså stor grad kjent med kor vidt kartlegginga av einskilde elevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.3.3 Fagleg leiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta

Oppvekstleiar opplever å ha noko grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning, men han legg ikkje fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett. Oppvekstleiar påpeiker at han er ny i jobben (starta i August 2014). I Tilstandsrapporten, statusrapport til kommunestyret som vert lagt fram om hausten, har spesialundervisning vore eit eige tema. Oversikt over andel spesialpedagogikk er lagt fram, men inga konkret og omfattande vurdering av nytta.

5.3.4 Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule

Korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, var i 2011 kroner 5 116 per barn for alle barnehagar. Desse auka til 6 187 kroner per barn i 2012 og 7 159 kroner i 2013.

Dei har ikkje konkrete tal på brutto driftsutgifter minus minoritetsspråklege. Ettersom det er eit fåtal minoritetsspråklege barn i barnehage er desse tala difor litt lågare enn totaltalet.

Oppvekstleiar i Luster kommune har ikkje tal for korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til elevar som får ekstra ressursar per elev, alle skular. Budsjettmodellen til Luster kommune legg opp til at for elevar med vedtak på meir enn 70 % spesialundervisning, så vert kostnadane dekkja av oppvekst sentralt. Har eleven vedtak med mindre enn 70 % spesialundervisning vert dette dekkja av den enkelte skule. På dei fådelte skulane/oppvekstsentra vert ofte spesialundervisninga lagt i grupper - eller skuleslaget vert teke omsyn til i tilrådinga og spesialundervisninga vert ein del av den tilpassa opplæringa og aldersblandinga som er vanleg i fådelte skular.

For elevar med meir enn 70 % spesialundervisning er det dette skuleåret tildelt ressursar som omtrent tilsvarar 20 årsverk (12 årsverk pedagog, 8 årsverk assistentar). Desse tala har vore nokolunde stabile dei siste åra. (Sjå tabell 1) For elevar med mindre enn 70% spesialundervisning er ressursbruken om lag 16 årsverk totalt i kommunen inkludert pedagog og assistent. Dette er ressursra som vert tekne av den einskilde skule si ramme. Skulane gjer såleis ei sjølvstendig vurdering om desse midlane skal nyttast som styrkingsmidlar eller som del av tidleg innsats.

5.3.5 Fakta om skular i kommunen

Under er samletabellar for Luster kommune, basert på spørsmål til rektorane ved skulane i kommunen.

Skulenamn	Hafslo barne- og ungdomsskule (1)				Hafslo barne- og ungdomsskule (2)				Solvorn Skule				Gaupne Skule				Indre Hafslo Oppvekstsenter			
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Er skulen ein del av eit oppvekstsenter?	Nei				Nei				Ja				Nei				Ja			
Fåddelt/udelt	Nei				Nei				Ja				Nei				Ja			
Barneskule	Nei				Nei				Ja				Ja				Ja			
Ungdomsskule	Nei				Nei				Nei				Nei				Nei			
Kombinert barne- og ungdomsskule	Ja				Ja				Nei				Nei				Nei			
Tal årsverk pedagogisk personell	28,1	27,8	27	28,6	22,9	22,5	22,5	21,0	251	312	268		12,1	11,7	11,1	11,5	5,8	6,9	5,9	5,7
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	0	0	0	0	0	0	0	0					0	0	0	0	0	0	0	0
Tal årsverk ikkje fagutdanna	3,6	2,9	2,5	3,4	0	0	0	0					0	0	0	0	0	0	0	0
Sum årsverk ved skulen	28,7	28,4	27,7	32,1	22,9	22,5	22,5	21,0					12,1	11,7	11,1	11,5	5,8	6,9	5,9	5,7
Andel elevar ved skulen som får spesialundervisning etter § 5-1	34				12,6 %				2				7 %				16 %			
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	15				28 %								17 %				30 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvaret for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervisning	Ja				Ja				Ja				Ja				Nei			
Tal på elevar ved skulen	229	225	230	222	229	225	230	222	18	20	19	-	134	129	121	134	41	44	46	45
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	13 %	10 %	6 %	11 %	13 %	10 %	6 %	8 %	2	3	2	-	1,5 %	4,4 %	5,4 %	8,9 %	7 %	9 %	4 %	7 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	18 %	17 %	16 %	25 %	18 %	17 %	16 %	18 %	0 %	0 %	0 %	-	12,1 %	8,2 %	6,5 %	3,6 %	17 %	9 %	9 %	9 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	11 %	10 %	8 %	11 %	11 %	10 %	8 %	10 %	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	14 %	12 %	10 %	15 %	34 %	35 %	28 %	28 %	36 %	41 %	62 %	-	25,6 %	20,2 %	12,9 %	17,1 %	42 %	32 %	47 %	30 %

Tabell 5f Samletabell rektorar Luster kommune (1)

I rapporten er skulane sine tal avstemde mot kommuneleddet sine tal. . Solvorn Oppvekstsenter har 3,2 årsverk til undervisning. Av dette er 0,6 årsverk knytt til spesialundervisning. Dei har eit elevtal på 20 elevar fordelt på alle årssteg.

For Hafslo barne og ungdomsskule viser tala at skulen har 222 elevar med 55 elevar på ungdomssteget. Dei har 21 årsverk, og 6,5 årsverk vert nytta til spesialundervisning.

Skulenamn	Jostedal Oppvekstsenter				Luster Oppvekstsenter				Luster Ungdomsskule				Skjolden Oppvekstsenter				Veitastrand Skule				Sum/snitt Luster kommune			
Er skulen ein del av eit oppvekstsenter?	Ja				Ja				Nei				Ja				Nei				<i>Tal er oppgitt som sum, mens andel er oppgitt som snitt</i>			
Fådel/udelt	Ja				Ja				Nei				Ja				Ja							
Barneskule	Ja				Ja				Nei				Nei				Ja							
Ungdomsskule	Nei				Nei				Ja				Nei				Nei							
Kombinert barne- og ungdomsskule	Nei				Nei				Nei				Nei				Nei							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal årsverk pedagogisk personell	4,2	3,9	3,9	4,4	6,3	4,4	6,2	7,2	14,1	14,1	16,4	16,4	5,1	4,2	4,2	3,8	1,2	1,0	1,0	1,1	99,6	96,4	98,1	99,9
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	0	0	0	0	0	0	0	0	0		0	0	0	0	0	0,2	0	0	0	0	0	0	0	0,24
Tal årsverk ikkje fagutdanna	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0,2	1,0	1,9	0,7	0,1	0,3	0	0	0	0	0	4,3	3,3	3,7	5,3
Sum årsverk ved skulen	4,2	3,9	3,9	4,4	6,3	4,4	6,2	7,2	14,1	14,4	17,4	18,3	5,8	4,3	4,5	4,2	1,2	1,0	1,0	1,1	100,9	97,3	100,0	105,5
Andel elevar ved skulen som får spesialundervisning etter § 5-1	16,67 %				26 %				11 %				3 %				0 %				11 %			
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	12,24 %				34 %				46 %				8 %				0 %				22 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvar for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervisning	Ja				Nei				Ja				Nei				Nei							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal på elevar ved skulen	25	26	26	30	55	50	49	49	137	120	131	131	40	34	40	39	4	3	4	5	894	856	877	877
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	23,1 %	15,4 %	7,1 %	10,5 %	10 %	12 %	17 %	28 %	-	-	-	-	5 %	4 %	0 %	0 %	50 %	0 %	0 %	0 %	36 %	41 %	27 %	9 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	8,3 %	15,4 %	16,7 %	27,3 %	13 %	12 %	12 %	25 %	-	-	-	-	17 %	8 %	11 %	5 %	0 %	0 %	0 %	0 %	11 %	10 %	10 %	14 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	-	-	-	-	-	-	-	-	11 %	13 %	16 %	11 %	-	-	-	-	-	-	-	-	11 %	11 %	10 %	11 %
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	12,4 %	13,3 %	13,3 %	12,2 %	17 %	22 %	34 %	38 %	28 %	36 %	49 %	46 %	29 %	11 %	11 %	8 %	0 %	0 %	0 %	0 %	24 %	22 %	27 %	22 %

Tabell 5g Samletabell rektorar Luster kommune (2)

I kolonnen «Sum/Snitt Luster kommune» har vi tatt rekna ut sum for tala, og snitt for andel.

Av tabellen går det fram at av om lag 80 lærarårsverk vert det nytta over 28 % til spesialundervisning. Desse tala varierer lite over tid. Om ein ser på kvar skule for seg, finn ein betydeleg variasjon. Grunnane til dette kjenner vi ikkje, men både skulestrukturen, skulekulturen og ei generell satsing på grunnskulen i kommune kan forklare det høge talet. Det går også fram at det ikkje er særleg reduksjon i tal elevar som får spesialundervisning etter kvart som dei går oppover i klassetrinna. (Sjå tabell 1)

5.3.6 Fakta om barnehagane i kommunen

Under er ein samletabell for Luster kommune basert på spørsmål til barnehagestyrarane. I kolonnen «Sum(tal)/snitt(del) Luster kommune» er tala rekna saman til sum, mens vi har rekna gjennomsnitt på andelar.

Barnehage	Gamlestova barnehage				Gaupne barnehage				Hafslo barnehage				Luster oppvekstsenter				Solvorn barnehage			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	70	61	60	45	91	85	82	80	26	24	-	41	21	24	24	24	13	14	14	14
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	1 %	2 %	5 %	4 %	5 %	3 %	0 %	0 %	1 %	1 %	-	1 %	5 %	4 %	4 %	4 %	-	-	-	-
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	1 %	1 %	-	1 %	5 %	4 %	4 %	4 %	-	-	-	-
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	19	17	25	15	-	28	24	23	9	8	-	15	-	7	7	8	2	2	2	2
Andel tilsette med barnehagelærarutdanning (prosent)	37 %	41 %	44 %	47 %	-	43 %	42 %	48 %	33 %	37,5 %	-	33 %	-	23 %	23 %	24 %	-	-	-	-
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	-	-	-	-	-	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	-	0 %	-	0 %	0 %	0 %	-	-	-	-
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	42 %	35 %	32 %	33 %	-	21 %	25 %	26 %	11 %	25 %	-	26,6 %	-	0 %	8 %	12 %	-	-	-	-
Andel årsverk ikkje fagutdanna	21 %	24 %	24 %	20 %	-	36 %	33 %	26 %	56 %	37,5 %	-	40,4 %	-	33 %	23 %	25 %	3	3	3	3
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Ja				Nei				Nei				Ikkje svart				Ja			
Kommentar					Me opplever dei mest som saksbeh.dei oppdatera seg sikkert men me er ikkje flinke nok til å bruke det ute i feltet.								Adm.tid er ikkje med, spes.ped ressurs er med							

Tabell 5h Samletabell barnehagestyrarar Luster kommune (1)

Barnehage	Indre Hafslo oppvekstsenter				Jostedal oppvekstsenter				Skjolden barnehage				Sum(tal)/snitt(andel) Luster kommune			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	21	18	20	21	20	18	17	13	-	13	14	14	262	257	231	252
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	5 %	6 %	5 %	5 %	0 %	11 %	12 %	0 %	-	0 %	0 %	0 %	2,9 %	3,8 %	4,8 %	2,6 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	0 %	0 %	0 %	0 %	-	-	-	-	-	0 %	0 %	0 %	1,2 %	0,8 %	0,8 %	0,8 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	6	6	7	6	5	5	5	5	-	5	5	4	41	78,0	75,0	78,0
Andel tilsette med barnehagelærarutdanning (prosent)	50 %	50 %	66 %	50 %	40 %	40 %	40 %	40 %	-	40 %	40 %	50 %	40 %	39 %	42 %	42 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	-	-	-	-	-	-	-	-
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	34 %	34 %	34 %	34 %	40 %	40 %	40 %	40 %	-	20 %	20 %	25 %	32 %	25 %	27 %	28 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	66 %	66 %	66 %	66 %	15 %	15 %	21 %	15 %	-	40 %	40 %	25 %	40 %	36 %	34 %	31 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Ja				Ja				Ikkje svart							
Kommentar									Usikker på kva eg skal svare.							

Tabell 5i Samletabell barnehagestyrarar Luster kommune (2)

Barnehagane i Luster har lite bruk av ekstra ressursar til styrka tilbod. Vi ser også at nærmare ein av tre tilsette ikkje har fagutdanning.

5.3.7 Tenesteleverandør

Oppvekstleiar i Luster kommune opplever som kjøper av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying. Han kommenterer vidare at fleire ved PPT-kontoret i Luster har teke etterutdanning som det er trong for i lustraskulane og barnehagane. Det er positivt og noko som vert sett pris på. Vidare påpeiker oppvekstleiaren at det sjølvsagt også er slik at det er avgrensa kor mange tema eit mindre PPT-kontor kan vera oppdaterte på samanlikna med eit stort PPT-kontor.

5.4 Sogndal

5.4.1 Kommunale bakgrunnsdata

Sogndal kommune har 7623 innbyggjarar per august 2014. I kommunen er det 5 skular og 6 kommunale barnehagar (1 tillegg til desse er der og 3 private barnehagar). Av skulane er det 1 barneskule (frå 1. – 5.klasse) og 2 kombinerte barne- og ungdomsskular (ein frå 1. – 10.klasse og ein frå 6. – 10.klasse). 2 av skulane er fådelt.

5.4.2 Politisk og administrativ toppleiing si merksemd

Administrative leiarar frå Leikanger og Sogndal vart intervjuar i lag, sidan dei har same tenesteleverandør. Dei peiker på at tilgjenge ikkje er problemet, men manglande heilskap i tenesta. Til denne heilskapen høyrer tettare dialog skule, heim og andre kommunale tenester. PP-tenesta jobbar litt for smalt, og er ønska meir til stades i klasserommet. I barnehagen er ein svært nøgd med den kompetanse PP leverer, medan særleg ungdomsskulen saknar PP-tilsette med erfaring som lærar. For å komme i forkant av einskildvedtakspraksisen vert det peika på at det er kommunen som har ansvaret for å legge ein plan for meir systemretta arbeid, medan PP-tenesta må rådgje i denne prosessen. Det er også kommunen og den einskilde skule sitt ansvar å etablere rutineane for kva som skal gjerast av lærar og rektor før tilmelding. Både dei kommunale leiarane og representantar for PP-kontoret peiker på at eit større fagmiljø vil kunne gjere det lettare å komme dei faglege behova i møte. Kor vidt dette handlar om betre samarbeid mellom kontor, eller etablering av eit nytt større kontor er ein ikkje tydeleg på, men viser til at det alt for 20 år sidan var planar om tre store pp-kontor i fylket.

Kommunestyret i Sogndal har ikkje sett av spesielle rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast spesialpedagogiske tiltak. Kommunestyret har heller ikkje drøfta tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen.

Sogndal kommune har etter rådmannen sitt syn i nokså liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å ha noko grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg. Rådmannen er i nokså stor grad kjent med kor vidt kartlegginga av einskildelevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.4.3 Faglege leiing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta

Kommunen er organisert slik at ein av kommunalsjefane har ansvaret for heile oppvekstsektoren. På området som rapporten hentar inn data frå, er det to ulike personar som leverer tenester til skulane og barnehagane. Dei ligg begge i styringslinja til kommunalsjefen. Rutineane for skulefagleg ansvarleg og tenesteleiar for barnehagane er ulike med omsyn til rapportering til kommunestyret. Skulen sine rapporteringar fylgjer grunnskulen sitt rapportsystem, medan barnehagane rapporterer etter ein annan mal.

Frå kommunalsjefen si side vil opplevinga av å ha stor grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning, vera rett, mens opplevinga frå barnehagane si rapportering vil vera å ha svært liten grad av slik innverknad. Kommunalsjefen legg fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett⁹ for poli-

⁹Se eige [vedlegg](#)

tisk nivå. Dette vert handsama i kommunestyret i det årlege dialogmøtet. Det er difor og naturleg at kommunalsjefen opplever samarbeidet inn mot PP-eininga på ulike måter. Frå barnehagane opplever ein større grad av innverknad i høve til PP. Her er kompetansenivået og meir samanfallande med tilsette i barnehagane, medan ein på skulesida opplever at ein har mindre reell kompetanse og erfaring frå sakshandsamarane innan PP-eininga.

5.4.4 Kostnader – særleg tilrettelegging i barnehage og skule

For Sogndal kommune var korrigererte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, 82 612 kroner for alle barnehagar i 2011. Desse vart redusert til 71 056 kroner i 2012 og auka igjen i 2013 til 77 172 kr.

Kommunalsjefen i Sogndal har ikkje konkrete tal på brutto driftsutgifter minus minoritetspråklege.

Korrigererte brutto driftsutgifter til grunnskule-sektor for elevar som treng ekstra ressursar, var i 2011 97 122 kroner i Sogndal. Desse utgiftene har auka sidan; til 100 648 kroner i 2012 og 104 182 kroner i 2013. Sjå tabell under.

	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Sogndal 2013	Gruppe 8 2013
Korrigererte brutto driftsutgifter til grunnskule-sektor pr. elev	97 122	100 648	104 182	105 676
Netto driftsutg. til grunnskule, per innb. 6-15 år			80 603	79 050
Andel elevar i % som får spesialundervisning	12,8	14,1	13,9	8,8
Andel timer spesialundervisning av antall læretimer totalt	27,4	29,6	25,2	18,6

5.4.5 Fakta om skular i kommunen

Under er ein samletabell for skulane i Sogndal kommune basert på svara frå rektorane ved skulane. I kolonnen «Sum/Snitt Sogndal kommune» har vi rekna ut sum for tala, og snitt for andel.

Skulenamn	Fjærland Oppvekstsenter				Kvåle Skule				Norane Skule				Kaupanger Skule				Sum/snitt Sogndal kommune			
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Er skulen ein del av eit oppvekstsenter?	Ja				Nei				Nei				Nei				<i>Tal er oppgitt i sum, mens andel er oppgitt i snitt</i>			
Fåddelt/udelt	Ja				Nei				Ja				Nei							
Barneskule	Ja				Nei				Nei				Nei							
Ungdomsskule	Nei				Nei				Ja				Nei							
Kombinert barne- og ungdomsskule	Nei				Ja				Ja				Ja							
Tal årsverk pedagogisk personell	3,8	4,6	4,2	4,2	31,5	33,3	35,5	34	5,2	5,46	5,8	6,72	24,4	22,7	22,1	22,8	64,9	66,1	67,6	67,8
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	0,3	0,3	0,3	0,3	2	2	2	2	0	0	0,53	0,7	0	0	0	0	2,3	2,3	2,8	3
Tal årsverk ikkje fagutdanna	0	0	0	0	0	0	0	0	1,1	1,18	0,9	0,9	1,3	1,4	1,4	2,17	2,4	2,6	2,3	3,1
Sum årsverk ved skulen	4,1	4,9	4,5	4,5	35,2	37	40,8	39,8	6,3	6,6	7,2	8,3	25,7	24,1	23,5	25	71,3	72,7	76	77,6
Andel elevar ved skulen som får spesialundervisning etter § 5-1	11 %				Ikkje svart				20 %				7 %				13 %			
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	19 %				Ikkje svart				33 %				23,60 %				25 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvaret for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervisning	Nei				Ja				Nei				Nei				Ja			
Tal på elevar ved skulen	32	35	36	36	355	350	337	356	51	58	59	53	196	192	191	188	634	635	623	633
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	9 %	6 %	0 %	0 %	-	-	-	-	11 %	10 %	12 %	11 %	4,6 %	3,1 %	2,6 %	3,2 %	8 %	6 %	5 %	5 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	3 %	6 %	14 %	11 %	24 %	21 %	19 %	18 %	2 %	9 %	10 %	9 %	2,6 %	3,1 %	3,1 %	2,7 %	8 %	10 %	12 %	10 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	-	-	-	-	10 %	15 %	16 %	13 %	-	-	-	-	3,6 %	2,6 %	3,1 %	1,6 %	7 %	9 %	10 %	7 %
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	19 %	19 %	19 %	19 %	35 %	38 %	32 %	23 %	32 %	30 %	20 %	33 %	25,3 %	27 %	25 %	23,6 %	28 %	28 %	24 %	25 %

Tabell 5j Samletabell rektorar Sogndal kommune

Av tabellen går det fram at av om lag 89 lærarårsverk vert 21% nytta til spesialundervisning. Desse tala varierer lite over tid. Om ein ser på kvar skule for seg, finn ein betydeleg variasjon. Grunnane til dette kjenner vi ikkje. Det går også fram at det er noko reduksjon i andelen elevar som får spesialundervisning etter kvart som dei går oppover i klassetrinna.

5.4.6 Fakta om barnehagane i kommunen

Under er ein samletabell Sogndal kommune basert på spørsmål til barnehagestyrarane. I kolonnen «Sum(tal)/snitt(andel) Sogndal kommune» er sum rekna ut for tal, mens snitt er rekna ut for andelar.

I tillegg til at 5 barnehagestyrarar har svart på undersøkinga, og vi har rekna ut snitt og sum for desse barnehagane, så har og kommunalsjefen fylt ut skjema for alle barnehagane i Sogndal til saman (4 barnehagar, 2 oppvekstsenter, 3 private (1 studentbarnehage)).

Barnehage	Rones barnehage				Fjærland barnehage				Notsete barnehage				Sogndal Studentbarnehage				Stedje barnehage			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	76	78	74	74	16	13	9	9	26	20	23	24	44	44	44	44	63	63	65	65
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	2 %	2 %	2 %	1 %	0 %	0 %	0 %	0 %	3 %	1 %	0 %	0 %	5 %	0 %	0 %	2 %	4 %	4 %	4 %	3 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	-	-	1 %	3 %	13 %	15 %	0 %	0 %	-	-	-	-	5 %	0 %	0 %	2 %	0 %	1 %	1 %	0 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	22	21	21	22	5	5	4	4	7	7	6	6	14	14	14	14	21	21	19	19
Andel tilsette med barnehagelærarutdanning (prosent)	42,2 %	42,3 %	42,1 %	42,7 %	40 %	40 %	50 %	50 %	24 %	24 %	24 %	24 %	53 %	53 %	53 %	53 %	55 %	55 %	44 %	44 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	0 %	0 %	0 %	0 %	20 %	20 %	25 %	25 %	17 %	6 %	0 %	0 %	-	-	-	-	0 %	0 %	0 %	0 %
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	0 %	0 %	0 %	0 %	20 %	20 %	25 %	25 %	-	-	-	-	36 %	36 %	36 %	36 %	10 %	10 %	11 %	11 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	57,7 %	57,7 %	57,9 %	57,3 %	10 %	10 %	0 %	0 %	25 %	25 %	25 %	25 %	21 %	21 %	21 %	21 %	15,5 %	15,5 %	15,5 %	15,5 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Ja				Ja				Ja				Ja				Ja			
Kommentar					i siste rad under "Tal barn" er det registrert born med tildelt spes.ped. timar, tilrådd av PPT.															

Tabell 5k Samletabell barnehagestyrar Sogndal kommune (1)

Barnehage	Sum(tal)/snitt(andel) Sogndal kommune				Alle barnehager (kommunalsjef)			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	225	218	215	216	437	438	438	414
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	3 %	1 %	1 %	1 %	5 %	3 %	3 %	3 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	6 %	5 %	1 %	1 %	1 %	3 %	3 %	2 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	69	68	64	65	109	109	109	109
Andel tilsette med barnehagelærarutdanning (prosent)	43 %	43 %	43 %	43 %	40 %	43 %	43 %	44 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	9 %	7 %	6 %	6 %				
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	16 %	16 %	18 %	18 %	15 %	18 %	20 %	20 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	26 %	26 %	24 %	24 %	45 %	39 %	37 %	36 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?								
Kommentar								

Tabell 51 Samletabell barnehagestyrar Sogndal kommune (2)

Vi ser at ein liten del av barn i barnehage i Sogndal får ekstra ressursar til styrka tilbod. Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning er 44 %.

5.4.7 Tenesteleverandør

Det er svært ulik oppfatning mellom kommunale leiarar i Sogndal kommune som kjøper PP-tenester, om kor vidt leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying.

Dette skriv seg truleg frå opplevinga som skulane har av kompetansen ved PP-kontoret. Saks- handsamarar med skulefagleg kompetanse er så å seie fråverande på kontoret, noko som skaper unødige konflikt og at skulane tek eit større ansvar med å tilsetja eigne lærarar med spesialkompetanse innanfor fleire arbeidsfelt. Svaret frå nokre rektorar viser at dei største skulane satsar på å utvikle eigen kompetanse som erstattar PP-tenesta si rolle som rettleiarar.

5.5 Leikanger

5.5.1 Kommunale bakgrunnsdata

Leikanger kommune har 2265 innbyggjarar. I kommunen er det 2 skular og 3 barnehagar (2 kommunale og 1 privat). Av skulane er det 1 barneskule og 1 ungdomsskule. Ingen av skulane er fådelt.

5.5.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd

Administrative leiarar frå Leikanger og Sogndal vart intervjuar i lag, sidan dei har same tenesteleverandør. Dei peiker på at tilgjenge ikkje er problemet, men manglande heilskap i tenesta. Til denne heilskapen høyrer tettare dialog skule, heim og andre kommunale tenester. PP-tenesta jobbar litt for smalt, og er ønska meir til stades i klasserommet. I barnehagen er ein svært nøgd med den kompetanse ppt leverer, medan særleg ungdomsskulen saknar pp-tilsette med erfaring som lærar. For å komme i forkant av einskildvedtakspraksisen vert det peika på at det er kommunen som har ansvaret for å legge ein plan for meir systemretta arbeid, medan pp-tenesta må rådgje i denne prosessen. Det er også kommunen og den einskilde skule sitt ansvar å etablere rutinane for kva som skal gjerast av lærar og rektor før tilmelding. Både dei kommunale leiarane og representantar for pp-kontoret peiker på at eit større fagmiljø vil kunne gjere det lettare å komme dei faglege behova i møte. Kor vidt dette handlar om betre samarbeid mellom kontor, eller etablering av eit nytt større kontor er ein ikkje tydeleg på, men viser til at det alt for 20 år sidan var planar om tre store pp-kontor i fylket.

Kommunestyret i Leikanger har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast spesialpedagogiske tiltak. Dei legg til at kommunestyret ikkje har konkret vedteke slike rammer, men ved fastsetjing av skulane sine samla rammer, er behovet for ressursar til spesialpedagogiske ein del av avgjerdsgrunnlaget som administrasjonen har utarbeidd.

Kommunestyret i Leikanger har drøfta tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen. Dette skjer i samband med budsjett/årsmelding og sak om Utviklingsmelding og tilstandsrapport for skulane.

Leikanger kommune har etter rådmannen sitt syn i svært liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å ha svært liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg. Rådmannen er i nokså liten grad kjent med korvidt kartlegginga av einskilde elevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.5.3 Fagleg leing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta

Kommunalsjef i Leikanger opplever å ha noko grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning. Kommunalsjef i Leikanger legg ikkje fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett. Kommunen har organisert budsjettet sitt i rammeløyvingar, med stor grad av delegasjon. Det vert såleis opp til oppvekstsektoren å styra løyvingane inn mot dei deler av sektoren der behovet er størst.

5.5.4 Kostnader – særleg tilrettelegging i barnehage og skule

Korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, var i 2011 kroner 48 000 for alle barnehagar i Leikanger kommune. Desse har auka til 72 000 kroner i 2012 og vidare auka til 249 000 kroner i 2013.

Kommunalsjefen i Leikanger kommune oppgjer dei same tala for brutto driftsutgifter minus minoritetsspråklege.

I Leikanger kommune var korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til elevar som får ekstra ressursar per elev, alle skular, 65 604 kroner i 2011, 69 458 kroner i 2012 og 70 736 kroner i 2013. Dei oppgjer dei same talene for brutto driftsutgifter minus minoritetsspråklege.

5.5.5 Fakta om skular i kommunen

Under er ein samletabell for skulane i Leikanger kommune. I kolonnen «Sum/snitt Leikanger kommune» har vi rekna ut sum for tala, og snitt for andel. Av tabellen går det fram at andelen timar til spesialundervisning ligg tett oppunder 20%.

Skulenamn	Leikanger barneskule				Leikanger ungdomsskule				Sum/snitt Leikanger kommune			
Er skulen ein del av eit oppvekstsenter?					Nei				<i>Tal er oppgitt som sum, mens andel er oppgitt som snitt</i>			
Fåddelt/udelt					Nei							
Barneskule	Ja				Nei							
Ungdomsskule					Nei							
Kombinert barne- og ungdomsskule					Ja							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal årsverk pedagogisk personell	16,98	16,57	14,45	15,41	11,81	12,35	14,4	14,61	28,8	28,9	28,9	30
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	0	0	0	0	1,17	1,12	2,18	1,34	1,17	1,12	2,18	1,34
Tal årsverk ikkje fagutdanna	2,92	2,99	1,43	1,96	0	0	0	0	2,92	2,99	1,43	1,96
Sum årsverk ved skulen	19,9	19,56	16,88	17,37	14,32	14,86	18,15	17,45	34,2	34,4	35,0	34,8
Andel elevar ved skulen som får spesialundervisning etter § 5-1	10,3 %				12 %				11 %			
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	24,2 %				19 %				22 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvaret for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervisning	Ikkje svart				Ja							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal på elevar ved skulen	Ikkje svart			146	104	108	135	148	104	108	135	294
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	12,3 %	16,6 %	10,5 %	5,1 %	-	-	-	-	12 %	17 %	10 %	5 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	21,5 %	15,1 %	20,6 %	20,6 %	3 %	21 %	17 %	14 %	12 %	18 %	19 %	17 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	-	-	-	-	19 %	13 %	13 %	12 %	19 %	13 %	13 %	12 %
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	Ikkje svart				27 %	22 %	25 %	19 %	27 %	22 %	25 %	19 %

Tabell 5m Samletabell rektorar Leikanger kommune

5.5.6 Fakta om barnehagane i kommunen

Under er ein samletabell Leikanger kommune basert på spørsmål til barnehagestyrarane. I kolonnen «Sum/snitt Leikanger kommune» er sum rekna ut for tal, mens snitt er rekna ut for andelar. Her manglar tal for to kommunale barnehagar.

Barnehage	Askedalen barnehage				Sum/snitt Leikanger kommune			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	42	42	42	41	42	42	42	41
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	1,26 %	0,84 %	1,26 %	0,41 %	1,26 %	0,84 %	1,26 %	0,41 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	0,42 %	0,42 %	0,84 %	0 %	0,42 %	0,42 %	0,84 %	0 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	-	-	-	-	-	-	-	-
Andel tilsette med barnehagelærarutdanning (prosent)	40 %	40 %	44 %	44 %	40 %	40 %	44 %	44 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning					0 %	0 %	0 %	0 %
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Nei							
Kommentar	Jeg har ikke erfaring med hvordan PP tjenesten er i utvikling. Føler ppt har levert de samme tjenester siden vi startet opp i 2008							

Tabell 5n Samletabell barnehagestyrar Leikanger kommune

Vi ser at ein liten del av barn i barnehage i Leikanger får ekstra ressursar til styrka tilbod. Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning er 44 %.

5.5.7 Tenesteleverandør

Kommunalsjef i Leikanger kommune har ikkje grunnlag til å vurdere om dei som kjøpar av PP-tenester opplever at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying. Elles merkar me oss at også denne kommunen peikar på manglande kompetanse i PP-tenesta inn mot grunnskulen. Særleg er tilbakemeldingane om dette tydelege frå ungdomsskulen i kommunen.

5.6 Vik

5.6.1 Kommunale bakgrunnsdata

Vik kommune har 2676 innbyggjarar. I kommunen er det 5 skular og 5 barnehagar. Av skulane er det 3 barneskular og 2 kombinerte barne- og ungdomsskular.

5.6.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd

Den administrative toppleinga har i intervju og spørjeskjema blitt spurt om ulike sider ved tenesta i dag, og korleis den tenkjer kring framtidig organisering.

Vik kommune nyttar same tenesteleverandør som Sogndal og Leikanger, men vart av praktiske grunnar ikkje intervjuja i lag med desse kommunane. Kommunale leiarar i Vik peiker på at dei sjølv treng å bli betre bestillarar. Dei ser for seg ei framtidig PP-teneste der PPT vert nytta meir på systemsida, og ikkje berre på utgreiing. Auka nærheit utanfor dei formelle møta er også noko som vil gje betre kunnskapsdeling mellom skule og PPT. I Vik ønskjer ein seg gode, gjerne forskingsbaserte råd frå PPT, som lærarane kan ta med seg i sitt arbeid. Eitt område som bør få merksemd framover er PPT si evne til å observere og gi råd til utvikling av klasseleing.

Kommunestyret i Vik har ikkje sett rammer for kor stor del av skulebudsjettet som kan nyttast spesialpedagogiske tiltak. Kommunestyret har heller ikkje drøfta tilhøvet mellom ressursar til einskildelevar sine behov og likebehandling av elevmassen.

Vik kommunehar etter rådmannen sitt syn i svært liten grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning, og han opplever å ha svært liten grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir ikkje rapportert jamleg. Rådmannen er i noko kjent med kor vidt kartlegginga av einskildelevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.6.3 Fagleg leing si merksemd og oppleving av rammer for tenesta

Kommunalsjef i Vik opplever å ha nokså stor grad av innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning. Kommunalsjef legg ikkje fram vurdering av nytten av bruk av ressursar knytt til spesialundervisning i samband med årsmelding og budsjett, og påpeiker at dette nyttar dei tilstandsrapporten til.

5.6.4 Kostnader - særleg tilrettelegging i barnehage og skule

For Vik kommune var dei korrigererte brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, 23 000 kroner i 2011. Sidan har dei auka til 48.350 kroner i 2012 og 52 560 kroner for 2013. Dei oppgjer ikkje konkrete tal på brutto driftsutgifter minus minoritetsspråklege for barnehage.

Kommunalsjefen i Vik kommune oppgjer korrigererte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til elevar som får ekstra ressursar per elev, alle skular, til å vere 83 560 kroner i 2011, 73 150

kroner i 2012 og 86 290 kroner i 2013. Eksklusive minoritetsspråklege oppgjer dei utgiftene til å vere 80 500 kroner i 2011, 71 155 kroner i 2012 og 74 815 kroner i 2013.

5.6.5 Fakta om skular i kommunen

Samletabellen under viser kva rektorane på dei ulike skulene har svart i undersøkinga.

Under er ein samletabell for skular i Vik kommune. I kolonnen «Sum/Snitt Vik kommune» har vi tatt rekna ut sum for tala, og snitt for andel.

Av tabellen går det fram at av om lag 30 lærarårsverk vert det nytta om lag 14 % til spesialundervisning. Desse tala varierer lite over tid. Det går også fram at det er noko auke i andelen elevar som får spesialundervisning etter kvart som dei går oppover i klassetrinna.

Skulenamn	Feios Skule				Flatbygdi Skule				Fresvik Skule				Sum/snitt Vik kommune			
Er skulen ein del av eit oppvekstsenter?	Ja				Nei				Ja				<i>Tal er oppgitt som sum, mens andel er oppgitt som snitt</i>			
Fådelt/udelt	Ja				Nei				Ja							
Barneskule	Nei				Nei				Ja							
Ungdomsskule	Nei				Nei				Nei							
ungdomsskule	Ja				Ja				Nei							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal årsverk pedagogisk personell	7,8	7,44	7,05	7,05	22,15	21,73	22,7	20,4	2,36	2,31	2,7	2,61	32,3	31,5	32,5	30,1
Tal anna fagutdanna (miljøarb., Sosionom)	1	0	0	0	1	1	1	2,5	0	0	0	0	2,00	1,00	1,00	2,50
Tal årsverk ikkje fagutdanna	0	0	0	0	0	0	0	0	0,3	0,3	0	0	0,3	0,3	0	0
Sum årsverk ved skulen	8,8	7,44	7,05	7,5	23,15	22,73	23,7	22,9	2,67	2,71	2,8	2,61	34,6	32,9	33,6	33
Andel elevar ved skulen som får spesialundervising etter § 5-1	8 %				20 %				1 %				10 %			
Andel timar spesialundervising av tal lærartimar totalt	15 %				20 %				4 t/v				18 %			
Har ein tilsett ved skulen ansvaret for å bistå kollegaer si tilrettelegging innan ordinær undervising	Nei				Nei				Nei							
	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal på elevar ved skulen	43	38	35	36	233	228	230	228	13	14	13	10	289	280	278	274
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (prosent)	0 %	0 %	0 %	0 %	8 %	8,9 %	3,6 %	3,4 %	0	0	0	10 %	3 %	3 %	1 %	4 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (prosent)	18 %	13 %	13 %	9 %	9,1 %	10,1 %	10,4 %	8,9 %	7,7 %	7,1 %	0	0	12 %	10 %	8 %	6 %
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (prosent)	17 %	27 %	17 %	11 %	10,9 %	10,0 %	10,0 %	10,8 %	-	-	-	-	14 %	19 %	14 %	11 %
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (prosent)	26 %	20 %	18 %	15 %	17,7 %	16,5 %	14,3 %	20,0 %	5,4 %	5,4 %	0,0 %	5,9 %	16 %	14 %	11 %	14 %

Tabell 15o Samletabell rektorar Vik kommune

5.6.6 Fakta om barnehagane i kommunen

Under er ein samletabell Vik kommune basert på spørsmål til barnehagestyrarane. I kolonnen «Sum(tal)/snitt(andel)Vik kommune» er sum rekna ut for tal, mens snitt er rekna ut for andelar. På same måte som i fleira av dei andre kommunane er vel 40% av dei tilsette barnehagelærarar. Dei seinare åra har talet på barn som får ekstra ressursar lege lågt.

Barnehage	Vik barnehage				Fresvik barnehage				Sum(tal)/snitt(andel) Vik kommune			
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal barn	100	87	87	83	4	7	7	10	104	94	94	93
Andel barn som får ekstra ressursar til styrka tilbod	3 %	2 %	3 %	2 %	25 %	14 %	0 %	0 %	14 %	8 %	2 %	1 %
Andel barn, ekskl minoritetsspråklege, som får ekstra ressursar til styrka tilbod	3 %	2 %	2 %	1 %	0 %	0 %	0 %	0 %	2 %	1 %	1 %	1 %
	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014	2011	2012	2013	2014
Tal tilsette	-	-	-	-	3	4	4	4	3	4	4	4
Andel tilsette med barnehagelærerutdanning (prosent)	40 %	36 %	36 %	36 %	30 %	30 %	50 %	50 %	35 %	33 %	43 %	43 %
Andel tilsette med anna pedagogisk/høgare utdanning	4 %	4,2 %	6,3 %	8,3 %	0 %	0 %	0 %	0 %	4 %	4 %	6 %	8 %
Andel fagarbeidarar (barne/ungdomsarbeidar)	22 %	23 %	33 %	31 %	40 %	0 %	0 %	25 %	31 %	12 %	17 %	28 %
Andel årsverk ikkje fagutdanna	34 %	36,8 %	24,5 %	24,7 %	30 %	70 %	50 %	25 %	32,0 %	53,4 %	37,3 %	24,9 %
Opplever du som kjøpar av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying?	Ja				Ja							
Kommentar												

Tabell 5p Samletabell barnehagestyrar Vik kommune

5.6.7 Tenesteleverandør

Kommunalsjef i Vik kommune opplever som kjøper av PP-tenester at leverandøren har kontinuerleg merksemd mot fagleg fornying. Vidare påpeiker kommunalsjefen at ho ikkje har vore tilsett så lenge, men ved administrativt fagråd for nokre veker sidan fekk ho eit positivt intrykk med tanke på fagleg fornying.

Elles merkar me oss at også denne kommunen peikar på manglande kompetanse i PP-tenesta inn mot grunnskulen. Særleg er tilbakemeldingane om dette tydelege frå ungdomsskulen i kommunen.

5.7 Balestrand

5.7.1 Kommunale bakgrunnsdata

Balestrand valde på ikkje ta del i denne kartlegginga. Vi har likevel innhenta nokre opplysningar via nettsidene deira, og questback til eit utval kommunale leiarar.

Balestrand kommune har 1302 innbyggjarar per 3.kvartal 2014¹⁰. I kommunen er det 3¹¹ skular og 3¹² barnehagar. Av skulane er det 2 barneskular og 1 kombinert barne- og ungdomsskule¹³. (Kommunalsjefen har ikkje svart på undersøkinga, difor er tala henta frå andre kjelder.)

5.7.2 Politisk og administrativ toppleing si merksemd

Kommunestyret har satt mål om kor stor andel av elevane som skal ha spesialundervising og kor mykje som skal tas innan tilpassa undervising innan ordinær opplæring

Kommunen har etter rådmannen sitt syn i nokså stor grad etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervising, og han opplever å ha noko av innverknad på bruken av midlar til spesialundervising i kommunen. Tilbakemeldingane om effekten av bruk av slike midlar blir rapportert jamleg. Rådmannen er i stor grad kjent med kor vidt kartlegginga av einsskilde elevar i skulen før tilmelding er tilstrekkeleg.

5.7.3 Tenesteleverandør

Balestrand kjøper PP-tenester frå PPT for Ytre Sogn og –Sunnfjord. Det er ei sams PP-teneste for åtte kommunar og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei andre kommunane frå fylket er Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger og Solund. I tillegg kjem Masfjorden kommune i Nord-Hordaland

¹⁰ www.snl.no

¹¹ <http://balestrand.custompublish.com/grunnskule.164723.58ob.los.html>

¹² <http://balestrand.custompublish.com/barnehage.164723.11t123.los.html>

¹³ <http://balestrand.custompublish.com/nesse-oppvekstsenter-skule.262284.nn.html>

5.8 Samanlikning på sentrale dimensjonar

Her er det av interesse på sjå på om det er variasjonar i kommunane med omsyn til politisk merksemd, administrativ kontroll, fagleg leing og ressursbruk.

Har kommunestyret satt mål?

Rådmann i dei ulike kommunane blei spurt om kommunestyret har sett mål om kor stor del av elevane som skal ha spesialundervisning og kor mykje som skal tas innan tilpassa undervisning innan ordinær opplæring. I følgje svara til rådmennene, så er det berre Luster og Balestrand kommune som har satt slike mål.

Spm/ Kommune	Aurland	Lærdal	Luster	Sogndal	Leikanger	Vik	Balestrand
Har kommunestyret satt mål om kor stor andel av elevane som skal ha spesialundervisning og kor mykje som skal tas innan tilpassa undervisning innan ordinær opplæring?	Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Ja

Har kommunen gode system for oppfølging av mål?

Kvar rådmann blei spurt i kor stor grad kommunen har etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning. I Luster, Sogndal og Balestrand er det i følgje rådmann i nokså stor grad etablert gode system, mens det i Aurland, Lærdal, Leikanger og Vik i svært liten grad er etablert gode system for oppfølging av mål.

Spm/ Kommune	Aurland	Lærdal	Luster	Sogndal	Leikanger	Vik	Balestrand
I kva grad har kommunen etablert gode system for oppfølging av mål sett av kommunestyret når det gjeld ressursar til spesialundervisning?	I svært liten grad	I svært liten grad	I nokså stor grad	I nokså liten grad	I svært liten grad	I svært liten grad	I nokså stor grad

Har rådmannen innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning?

Ut ifrå svara frå rådmennene, opplever rådmannen i Sogndal og Balestrand at dei i noko grad har innverknad på bruk av midlar til spesialundervisning. Dei andre rådmennene svarer at dei i nokså liten eller svært liten grad har innverknad på midlane som brukast på spesialundervisning.

Spm/ Kommune	Aurland	Lærdal	Luster	Sogndal	Leikanger	Vik	Balestrand
I kva grad opplever rådmannen å ha innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning?	I nokså liten grad	I svært liten grad	I nokså liten grad	I noko grad	I svært liten grad	I svært liten grad	I noko grad

Har kommunalsjef innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning?

Kommunalsjefane i dei ulike kommunane blei spurt i kva grad dei opplever å ha innverknad på bruken av midlar i spesialundervisning. Svara frå dei ulike kommunalsjefane var varierte, då nokon opplever at dei i stor grad har innverknad, mens andre opplever at dei i svært liten grad har innverknad på bruken av midlar i spesialundervisning.

Spm/ Kommune	Aurland	Lærdal	Luster	Sogndal 1	Sogndal 2	Leikanger	Vik
I kva grad opplever du å ha innverknad på bruken av midlar til spesialundervisning?	I noko grad	I stor grad	I noko grad	I svært liten grad	I stor grad	I noko grad	I nokså stor grad

Kostnader – tilrettelagte tiltak barnehage

Under er ein oversikt over kva dei ulike kommunalsjefane har svart på spørsmål om driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar, per barn.

Spm/ Kommune	Aurland			Lærdal			Luster			Sogndal 1			Sogndal 2			Leikanger			Vik		
Kostnader - tilrettelagte tiltak barnehage:	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, alle barnehagar	Har ikkje fått svar fra Kommunalsjef i Aurland kommune			92 231	88 818	81 000	7 159	6 187	5 116	ikkje svart			77 172	71 056	82 612	249 000	72 000	48 000	290 000	290 000	33 000
Korrigerte brutto driftsutgifter, ekskl minoritetsspråklege, til styrka tilbod til førskulebarn som får ekstra ressursar per barn, alle barnehagar				202 000	162 833	202 500	sjå epost			ikkje svart			ikkje svart			249 000	72 000	48 000	ikkje svart		

Tabell 5q Samletabell - kostnader tilrettelagte tiltak barnehagar

Som det går fram her er det all grunn til å sjå nærmare på tala sidan variasjonen er så stor. Det kan vere gode grunnar til at det er slik.

Kostnader – tilrettelagte tiltak skule

Under er ein oversikt over kva dei ulike kommunalsjefane har svart på spørsmål om driftsutgifter til styrka tilbod til elevar som får ekstra ressursar, per elev.

Tabell 5r Samletabell - kostnader tilrettelagte tiltak skular

Kostnader - tilrettelagte tiltak grunnskule:	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011	2013	2012	2011
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrka tilbod til elevar som får ekstra ressursar per elev, alle skular				ikkje svart			sjå epost			ikkje svart			ikkje svart			70 736	69 458	65 604	2 330 000	1 900 000	2 170 000
Korrigerte brutto driftsutgifter, ekskl minoritetsspråklege, til styrka tilbod til elevar som får ekstra ressursar per elev, alle skular				ikkje svart						ikkje svart			ikkje svart			70 736	69 458	65 604	1 715 000	1 810 000	2 093 000

Det er mange som ikkje har svart på denne delen.

Der det står «sjå epost», så er merknadene frå eposten inkludert under kap 5.3.4

Snitt-tal for elevar med spesialundervisning det siste skuleåret

Under er ein tabell som viser snitt andel elevar som får spesialundervisning per skuletrinn det siste skuleåret (2014/2015). Snitt for kvar kommune er rekna ut på bakgrunn av dei tala me har frå dei skulane kor rektorane har svart på undersøkinga. Vi har ikkje fått svar frå nokon av rektorane i Lærdal kommune.

	Aurland	Lærdal	Luster	Sogndal	Leikanger	Vik	Balestrand
Tal på elevar ved skulane (Sum alle skular som har svart på undersøkinga)	94,50	-	81,88	158,25	147,00	91,33	133,00
Snitt andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.- 4. trinn (2014/2015)	0 %	8 %	9 %	5 %	5 %	4 %	2 %
Snitt andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.- 7. trinn (2014/2015)	8 %	2 %	14 %	10 %	17 %	6 %	2 %
Snitt andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.- 10. trinn (2014/2015)	16 %	-	11 %	7 %	12 %	11 %	6 %

Tabell 5s Snitt for kvar kommune - andel elevar som får spesialundervisning

Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt siste skuleår

Tabellen under viser gjennomsnittlig andel timer som går med til spesialundervisning av totale lærartimar. Snitt for kvar kommune er rekna ut på bakgrunn av dei tala me har frå dei skulane kor rektorane har svart på undersøkinga.

	Aurland	Lærdal	Luster	Sogndal	Leikanger	Vik	Balestrand
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt (2014/2015)	15 %	10 %	22 %	25 %	19 %	14 %	27 %

Tabell 5t Snitt andel timar spesialundervisning

6. PP-KONTORA

PP-tenestene i Sognekommunane vert leverte av 5 ulike PP-kontor. Under omtalar vi trekk ved 4 av desse. Balestrand kjøper tenester frå HAFS-regionen, som ikkje er del av denne rapporten. PP-kontora utmerker seg som ei respondentgruppe med høg svarprosent (til skilnad frå nokre av kommunane).

6.1 Kompetanse, profil

6.1.1 Voss – leverandør til Aurland

Tal, kompetanseprofil

Det er 11 tilsette ved Voss interkommunale PPT-kontor. Av desse er 10 personer tilsette i fagleg stilling og ein merkantil. Av dei tilsette er 5 eldre enn 60 år, og resten fordeler seg mellom 39-59 år.

PPT-leiaren svarer følgjande om kompetanseprofilen til Voss interkommunale PPT-kontor:

		Voss Interkommunale PPT-kontor
Kompetanse i personalet		Tal
	Basisutdanning	1
	Førskulelærer	3
	Lærer	1
	Master/ embetseksamen	6
Spesialkompetanse		Tal
	Sos.ped/åtfærdsfag	2
	Språk (Logopedi, audio)	2
	Læringsvanskar	4
	Helse-/miljøfaglig	1
	Anna	1
	Spesiell fagleg styrke i kontoret	1

Tabell 6a Kompetanseprofil Voss interkommunale PPT-kontor

Svarkategorien «basisutdanning» kan vere tolka ulikt av respondentane. I all hovudsak er det samsvar mellom dei som har svara at ein har basisutdanning med stillingar knytt til merkantile stillingar, altså ei eller anna grunnutdanning som ikkje er knytt til pedagogiske oppgåver.

Då PPT-leiaren blei spurt om det ho ser at det er særlege typar kompetanse som det vil vere etterspurnad etter i åra så kjem, så svara ho at rettleiingskompetanse i høve systemarbeid, læringsmiljø og tilpassa opplæring i skule. I tillegg påpeiker ho at IKT-kompetanse vil vere viktig

for å gjera skulen til ein "dysleksivenleg skule", med tanke på inkludering og redusering i spesialundervisning.

Då vi spurte om i kva grad det er lett å rekruttere til tenesta, så svara PPT-leiaren at det kan vere utfordrande å få gode søkjarar med den type kompetanse som beskrive over. Ho påpeker særleg at psykologstillingar kan vera vanskeleg å fylla, og at lønsnivå har betydning.

Ressursbruk

Ettersom PPT-leiars vurdering av «Typisk fordeling av ressursbruk i eit normalår» går fram som eiga ressursbruk, og ikkje ressursbruk for kontoret, har vi valt å slå saman PPT-leiar og PPT-tilsette si vurdering av ressursbruk. For Voss interkommunale PPT-kontor sitt tilfelle har ingen av PPT-tilsette svart på undersøkinga, difor er det berre svar frå PPT-leiaren som er med her.

	Voss interkommunale PPT-kontor
Utgreiing (observasjon, test)	20 %
Sakkunnig vurdering	10 %
Oppfølging av einskildebarn	20 %
Rådgjeving på skulenivå	10 %
Rådgjeving på klassenivå	10 %
Rådgjeving på barnehagenivå	10 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %
Kompetanseheving/fagmøter på tvers av kommunar	5 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	5 %
Merkantile oppgåver	5 %
SUM (100%)	100 %

Tabell 6b Ressursbruk Voss interkommunale PPT-kontor

Vurdering av kommunen

PPT-leiaren ved Voss interkommunale PPT-kontor meiner at kommunestyret i nokså stor grad har stor interesse for skulekvalitet. Dei meiner at Rådmannen syner interesse for fagleg kvalitet i skulen i nokså stor grad, og at skulefagleg ansvarleg i stor grad har systematisk og jamleg dialog med PP-kontoret.

6.1.2 Årdal – leverandør til Lærdal (og Årdal)

Tal, kompetanseprofil

Det er 7 tilsette ved PPT Indre Sogn. Alderen på desse varierer frå 30-59 år. PPT-leiaren svarer følgjande om kompetanseprofilen til PPT Indre Sogn:

		PPT Indre Sogn
Kompetanse i personalet		Tal
	Basisutdanning	
	Førskulelærer	3
	Lærer	1
	Master/ embetseksamen	3
Spesialkompetanse		Tal
	Sos.ped/åtfærdsfag	2
	Språk (Logopedi, audio)	2
	Læringsvanskar	4
	Helse-/miljøfaglig	
	Anna	1
	Spesiell fagleg styrke i kontoret	Variasjon i fagleg samansetting

Tabell 6c Kompetanseprofil PPT Indre Sogn

PPT-leiaren ved PPT Indre Sogn nemner variasjon i fagleg samansetting som spesiell fagleg styrke i kontoret. Dei tilsette ved PPT-kontoret nemner særleg logopedi og audiopedi som spesiell fagleg styrke ved kontoret, samt at dei og har tilleggstudanning i organisasjon og leiing ved kontoret.

Av særlege typar kompetanse som PPT-leiaren ved Indre Sogn ser at det vil vere etterspurnad etter i åra som kjem, blir følgjande nemnd: Logopedisk kompetanse, Kunnskap om systemarbeid, kartlegging og Kunnskap om minoritetspråklege elevar og Kunnskap om tilpassa opplæring. PPT-leiar opplever at det er vanskeleg å rekruttere til tenesta, og at det vil vere særleg vanskeleg å rekruttere psykologar, logopedar og lærarar med spesialpedagogisk kompetanse i åra som kjem.

Ressursbruk

Ettersom PPT-leiars vurdering av «Typisk fordeling av ressursbruk i eit normalår» går fram som eiga ressursbruk, og ikkje ressursbruk for kontoret, har vi valt å slå saman PPT-leiar og PPT-tilsette si vurdering av ressursbruk, og bruker snittet av desse til å sjå på ressursbruken ved PPT-kontoret.

Ressursbruken fordeler seg typisk slik i eit normalår ved PPT Indre Sogn:

	PPT Indre Sogn
Utgreiing (observasjon, test)	23 %
Sakkunnig vurdering	20 %
Oppfølging av einskildbarn	21 %
Rådgjeving på skulenivå	6 %
Rådgjeving på klassenivå	4 %
Rådgjeving på barnehagenivå	12 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	2 %
Kompetanseheving/ fagmøter på tvers av kommunar	3 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	9 %
Merkantile oppgåver	1 %
Sum (100%)	100 %

Tabell 6d Ressursbruk PPT Indre Sogn

Vurdering av kommunen

PPT-leiaren ved PPT Indre Sogn kjenner ikkje til i kor stor grad kommunestyret i Lærdal har interesse for skulekvalitet. Dei meiner at Rådmannen i svært liten grad syner interesse for fagleg kvalitet i skulen, og at skulefagleg ansvarleg i nokså liten grad har systematisk og jamleg dialog med PP-kontoret. Denne vurderinga vil ved å sjå på kap. 5.2.1 til 5.2.3 tene som eit godt grunnlag for å ta opp til drøfting korleis ein kan heve kvaliteten på både relasjon mellom aktørar, og innhaldet i spesialundervisninga.

I kapittel 6.2 går vi nærmare inn på likskap og ulikskap ved ressursbruken til PPT-leiar og PPT-tilsette.

6.1.3 Luster – Leverandør til Luster

Tal, kompetanseprofil

Det er 4 tilsette (2,8 årsverk) ved Luster PPT, kor 2 av desse er mellom 50-59 år, og 2 er over 60år. PPT-leiaren ved Luster PPT svarer følgjande om kompetanseprofilen ved kontoret:

		Luster PPT
Kompetanse i personalet		Tal
	Basisutdanning	1
	Førskulelærer	
	Lærer	1
	Master/ embetseksamen	2
Spesialkompetanse		Tal
	Sos.ped/åtfersdfag	1
	Språk (Logopedi, audio)	1
	Læringsvanskar	1
	Helse-/miljøfaglig	
	Anna	1
	Spesiell fagleg styrke i kontoret	systemarbeid, matematikk, IT, klinisk arbeid, sos.emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar, rus..

Tabell 6e Kompetanseprofil Luster PPT

PPT-leiaren ved Luster PPT nemner systematikk, matematikk, IT, klinisk arbeid, sosial emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar og rus som spesiell fagleg styrke i kontoret. Dei tilsette ved Luster PPT nemner og desse områda som spesiell styrke ved kontoret, i tillegg til at dei og peiker på alternativ og supplerande kommunikasjon og generelle lærevanskar som faglege styrker i kontoret.

Sosial emosjonelle vanskar og lese- og skrivevanskar er typar kompetanse som PPT-leiar i Luster ser at det vil vere etterspurnad etter i åra som kjem. PPT-leiaren meiner at det er lett å rekruttere til tenesta, og trur ikkje det er særlege typar kompetanse som det vil vere vanskeleg å rekruttere i åra som kjem. PPT-leiar påpeiker likevel at løna må vere konkurransedyktig. Til dømes må ein psykolog må ha løn samsvarande andre stillingar som er aktuelle for psykologar.

Ressursbruk

Ettersom PPT-leiars vurdering av «Typisk fordeling av ressursbruk i eit normalår» går fram som eiga ressursbruk, og ikkje ressursbruk for kontoret, har vi valt å slå saman PPT-leiar og PPT-tilsette si vurdering av ressursbruk, og bruker snittet av desse til å sjå på ressursbruken ved PPT-kontoret.

Ressursbruken fordeler seg typisk på denne måten i eit normalår ved Luster PPT:

	Luster PPT
Utgreiing (observasjon, test)	42 %
Sakkunnig vurdering	4 %
Oppfølging av einskildbarn	20 %
Rådgjeving på skulenivå	5 %
Rådgjeving på klassenivå	4 %
Rådgjeving på barnehagenivå	5 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %
Kompetanseheving/ fagmøter på tvers av kommunar	3 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	9 %
Merkantile oppgåver	2 %
Sum (100%)	100 %

Tabell 6f Ressursbruk Luster PPT

Vurdering av kommunen

PPT-leiaren ved Luster PPT meiner at kommunestyret i nokså stor grad har stor interesse for skulekvalitet. Dei meiner at Rådmannen i noko grad syner interesse for fagleg kvalitet i, og at skulefagleg ansvarleg i stor grad har systematisk og jamleg dialog med PP-kontoret. Denne vurderinga bør haldast opp mot kommentarane i kapittel 5.3.1 til 5.3.3.

I kapittel 6.2 går vi nærmare inn på likskap og ulikskap ved ressursbruken til PPT-leiar og PPT-tilsette.

6.1.4 Sogndal – Leverandør til Sogndal, Leikanger og Vik

Tal, kompetanseprofil

Sogndalsregionen PPT har 8 tilsette, der 6 av desse har faglege stillingar og 2 har merkantile stillingar. Av dei faglege tilsette er to personer over 60 år, medan dei andre 4 er mellom 40-59 år. Av merkantile er ein tilsett over 60 år og ein tilsett mellom 50-59 år. PPT-leiaren i Sogndalsregionen PPT har sett opp følgjande kompetanseprofil på kontoret:

		Sogndalsregionen PPT
Kompetanse i personalet		Tal
	Basisutdanning	
	Førskulelærer	2
	Lærer	1
	Master/ embetseksamen	3
Spesialkompetanse		Tal
	Sos.ped/åttferdsfag	3
	Språk (Logopedi, audio)	2
	Læringsvanskar	1
	Helse-/miljøfaglig	
	Anna	
	Spesiell fagleg styrke i kontoret	

Tabell 6g Kompetanseprofil i Sogndalsregionen PPT

PPT-leiaren ved Sogndalsregionen PPT nemner inga spesiell fagleg styrke i kontoret, men dei tilsette ved Sogndalsregionen PPT peiker på språk, merkantilt tilsett, stabilitet, erfaring, realkompetanse, lese- og skrivevanskar, spesifikk logopedi og god Kunnskap om vidaregåande opplæring som spesiell fagleg styrke i kontoret.

PPT-leiaren i Sogndalsregionen PPT meiner at det vil vere særleg etterspurnad etter kompetansane psykolog og logoped i åra som kjem. Med tanke på rekruttering til tenesta, påpeiker leiaren at det er lett å få førskulelærarar med tilleggsutdanning. Vidare nemnes det at det nok særleg vil vere vanskeleg å rekruttere logopedar i åra som kjem.

Ressursbruk

Ettersom PPT-leiar si vurdering av «Typisk fordeling av ressursbruk i eit normalår» går fram som eiga ressursbruk, og ikkje ressursbruk for kontoret, har vi valt å slå saman PPT-leiar og PPT-tilsette si vurdering av ressursbruk.

Typisk fordeling av ressursbruk i eit normalår for ved Sogndalsregionen PPT vil vere nokolunde slik:

	Sogndalsregionen PPT
Utgreiing (observasjon, test)	22 %
Sakkunnig vurdering	13 %
Oppfølging av einskildbarn	5 %
Rådgjeving på skulenivå	6 %
Rådgjeving på klassenivå	6 %
Rådgjeving på barnehagenivå	2 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %
Kompetanseheving/ fagmøter på tvers av kommunar	4 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	7 %
Merkantile oppgåver	31 %
Sum (100%)	100 %

Tabell 6h Ressursbruk Sogndalsregionen PPT

Vurdering av kommunen

PPT-leiaren ved Sogndalsregionen PPT meiner at kommunestyret i nokså stor grad har stor interesse for skulekvalitet. Dei meiner at Rådmannen syner noko grad av interesse for fagleg kvalitet i skulen, og at skulefagleg ansvarleg i nokså stor grad har systematisk og jamleg dialog med PP-kontoret. For Sogndal sitt vedkommande kan ein sjå dette saman med kap. 5.4.1 til 5.4.3, og tilsvarende for Leikanger og Vik.

I kapittel 6.2 går vi nærmare inn på likskap og ulikskap ved ressursbruken til PPT-leiar og PPT-tilsette.

6.2 Likskap og ulikskap

6.2.1 Kompetanseprofil

Tabellen under viser ein oversikt over kompetanseprofilane til dei ulike PPT-kontora, basert på svara frå PPT-leiarane¹⁴.

	Voss Interkommunale PPT-kontor	Luster PPT	PPT Indre Sogn	Sogndalsregionen PPT
Kompetanse i personalet	Tal	Tal	Tal	Tal
Basisutdanning	1	1		
Førskulelærer	3		3	2
Lærer	1	1	1	1
Master/ embetseksamen	6	2	3	3
Spesialkompetanse	Tal	Tal	Tal	Tal
Sos.ped/åtferdsfag	2	1	2	3
Språk (Logopedi, audio)	2	1	2	2
Læringsvanskar	4	1	4	1
Helse-/miljøfaglig	1			
Anna	1	1	1	
Spesiell fagleg styrke i kontoret	1	systemarbeid, matematikk, IT, klinisk arbeid, sos.emosjonelle vanskar, lese- og srivevanskar,rus..	Variasjon i fagleg samansetting	

Tabell 6i Kompetanse ved dei ulike PPT-kontora

Av tabellen kan ein sjå at dei fleste PPT-kontora har flest tilsette med førskulelærer-utdanning og master/embetseksamen. At ein er særleg tung på førskulelærerutdanning kan, når ein tek med kommentarane frå nokre av kommunane, tyde på ein viss skeivskap i rekrutteringa. I ei framtidig pp-teneste etterspør skulane fleire med lærarutdanning. Vi ser at alle PPT-kontora har variert spesialkompetanse blant personalet. Alle PPT-kontora har tilsette med alle kompetansane nemnt i lista, utanom helse-/miljøfagleg kompetanse som berre er til stades ved Voss interkommunale PPT-kontor.

¹⁴ Med basisutdanning meiner vi her grunnutdanning (obligatorisk skule), og ikkje-pedagogisk utdanning utover dette, t.d. knytt til merkantile oppgåver.

6.2.2 Ressursbruk PPT-leiarar

Tabellen under viser korleis PPT-leiarane ved dei ulike PPT-kontora vurderer sin ressursbruk.

		Voss interkommunale PPT-kontor	Luster PPT	PPT Indre Sogn	Sogndalsregionen PPT
Typisk fordeling av ressursbruk i eit normalår	Utgreiing (observasjon, test)	20 %	47 %	30 %	20 %
	Sakkunnig vurdering	10 %	5 %	25 %	20 %
	Oppfølging av einskildbarn	20 %	14,50 %	15 %	10 %
	Rådgjeving på skulenivå	10 %	5,50 %	2 %	10 %
	Rådgjeving på klassenivå	10 %	3 %	3 %	20 %
	Rådgjeving på barnehagenivå	10 %	5 %	7 %	
	Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %	6 %	3 %	10 %
	Kompetanseheving/fagmøter på tvers av kommunar	5 %	3 %	5 %	
	Reisetid i samband med oppgåvene over	5 %	9 %	10 %	
	Merkantile oppgåver	5 %	2 %	0 %	10 %
	SUM (100%)	100 %	100 %	100 %	100 %

Tabell 6j PPT-leiarars ressursbruk

6.2.3 Ressursbruk PPT-leiarar og PPT-tilsette ved kvart kontor

Under er ein oversikt over ressursbruken til både PPT-tilsette og PPT-leiar ved kvar av PPT-kontora (utanom Voss interkommunale PPT-kontor kor vi ikkje har fått svar frå PPT-tilsette).

PPT Indre Sogn

Tabellen under viser ressursbruken til PPT-tilsette og PPT-leiar ved PPT Indre Sogn.

PPT Indre Sogn	Snitt PPT-leiar og PPT-tilsette	PPT tilsett	PPT-tilsett	PPT-leiar
Utgreiing (observasjon, test)	23 %	20 %	20 %	30 %
Sakkunnig vurdering	20 %	20 %	15 %	25 %
Oppfølging av einskildbarn	21 %	22 %	25 %	15 %
Rådgeving på skulenivå	6 %	5 %	10 %	2 %
Rådgeving på klassenivå	4 %	8 %		3 %
Rådgeving på barnehagenivå	12 %	8 %	20 %	7 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	2 %	3 %		3 %
Kompetanseheving/fagmøter på tvers av kommunar	3 %	3 %		5 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	9 %	8 %	10 %	10 %
Merkantile oppgåver	1 %	3 %		0 %
SUM (100%)	100 %	100 %	100 %	100 %

Tabell 6k Ressursbruk PPT-tilsette og PPT-leiar PPT Indre Sogn

Luster PPT

Tabellen under viser ressursbruken til PPT-tilsette og PPT-leiar ved Luster PPT.

Luster PPT	Snitt PPT-leiar og PPT-tilsette	PPT- tilsett	PPT- tilsett	PPT Leiar
Utgreiing (observasjon, test)	42 %	41 %	39 %	47 %
Sakkunnig vurdering	4 %	4 %	4 %	5 %
Oppfølging av einskildbarn	20 %	24 %	22 %	14,5 %
Rådgjeving på skulenivå	5 %	2 %	8 %	5,5 %
Rådgjeving på klassenivå	4 %	5 %	5 %	3 %
Rådgjeving på barnehagenivå	5 %	7 %	3 %	5 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %	4 %	5 %	6 %
Kompetanseheving/ fagmøter på tvers av kommunar	3 %	3 %	3 %	3 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	9 %	8 %	9 %	9 %
Merkantile oppgåver	2 %	2 %	2 %	2 %
Sum (100%)	100 %	100 %	100 %	100 %

Tabell 6l Ressursbruk PPT-tilsette og PPT-leiar Luster PPT

Sogndalsregionen PPT

Tabellen under viser ressursbruken til PPT-tilsette og PPT-leiar ved Sogndalsregionen PPT.

Sogndalsregionen PPT	Snitt PPT-leiar og PPT-tilsette	PPT-tilsett	PPT-tilsett	PPT-tilsett	PPT-tilsett	PPT-tilsett	PPT-tilsett	PPT-tilsett	PPT-leiar
Utgreiing (observasjon, test)	22 %		40 %	20 %		50 %	36 %	10 %	20 %
Sakkunnig vurdering	13 %		20 %	7 %		17 %	19 %	20 %	20 %
Oppfølging av einskildbarn	5 %		10 %	7 %		10 %	4 %		10 %
Rådgjeving på skulenivå	6 %			8 %		5 %	5 %	20 %	10 %
Rådgjeving på klassenivå	6 %		5 %	12 %		3 %	5 %		20 %
Rådgjeving på barnehagenivå	2 %			12 %		2,50 %	5 %		
Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %		10 %	4 %		2,50 %	2 %	10 %	10 %
Kompetanseheving/ fagmøter på tvers av kommunar	4 %		5 %	8 %		3 %	2 %	10 %	
Reisetid i samband med oppgåvene over	7 %		5 %	15 %		7 %	15 %	10 %	
Merkantile oppgåver	31 %	100 %	5 %	7 %	100 %		7 %	20 %	10 %
Sum (100%)	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Tabell 6m Ressursbruk PPT-tilsette og PPT-leiar Sogndalsregionen PPT

6.2.4 Samanlikning gjennomsnittlig ressursbruk

Tabellen under viser ein samanlikning av gjennomsnittlig ressursbruk for kvart av PPT-kontora. Som nemnd tidligare, så er det rekna ut gjennomsnitt for det PPT-tilsette og PPT-leiar ved kvart kontor har svart på ressursbruk, ettersom PPT-leiars vurdering av ressursbruk går fram som eiga ressursbruk og ikkje ressursbruk for heile kontoret.

	Sogndalsregionen PPT	Luster PPT	PPT Indre Sogn
Utgreiing (observasjon, test)	22 %	42 %	23 %
Sakkunnig vurdering	13 %	4 %	20 %
Oppfølging av einskildbarn	5 %	20 %	21 %
Rådgjeving på skulenivå	6 %	5 %	6 %
Rådgjeving på klassenivå	6 %	4 %	4 %
Rådgjeving på barnehagenivå	2 %	5 %	12 %
Møter i samordningsorgan i kommunen	5 %	5 %	2 %
Kompetanseheving/ fagmøter på tvers av kommunar	4 %	3 %	3 %
Reisetid i samband med oppgåvene over	7 %	9 %	9 %
Merkantile oppgåver	31 %	2 %	1 %
Sum (100%)	100 %	100 %	100 %

Tabell 6n Gjennomsnittlig ressursbruk

Det mest slående med tala er at det er stor variasjon mellom kontora når det gjeld utgreiing, sakkunnig vurdering og oppfølging av einskildbarn. Luster nyttar om lag dobbelt så mykje av den samla ressursen til utgreiing som dei to andre leverandørane frå regionen. Når det gjeld oppfølging av einskildbarn skil Sogndalsregionen seg ut med berre 5%, mot om lag 20 for dei to andre. Det er også av interesse at Sogndalsregionen nyttar 31% av ressursane på merkantile

oppgåver, noko som dei andre to knappast nyttar ressursar til. Vi trur vel at dei andre kontora nyttar ressursar til merkantile oppgåver utover det dei opp gir, men uansett er tala for Sogndalsregionen svært høge.

6.3 PP-tenesta si vurdering av kommunen som skuleeigar og bestillar

PPT-leiarane ved dei ulike PPT-kontora blei spurt om korleis dei vurderer kommunen som skuleeigar og bestillar.

Tabellen under viser svara frå PPT-leiarane.

	Voss interkommunale PPT-kontor	Luster PPT	PPT Indre Sogn	Sogndalsregionen PPT
Vurdering av politisk-administrativ relasjon				
Kommunestyret har stor interesse for skulekvalitet	I nokså stor grad	I nokså stor grad	Veit ikkje / Kjenner	I nokså stor grad
Rådmannen syner interesse for fagleg kvalitet i skulen	I nokså stor grad	I noko grad	I svært liten grad	I noko grad
Skulefagleg ansvarleg har systematisk og jamnleg dialog med PP-kontoret	I stor grad	I stor grad	I nokså liten grad	I nokså stor grad

Tabell 6o PPT-leiaranes vurdering av kommunen


Som det kommer fram av tabellen, vurderer dei fleste PPT-kontora at kommunestyret i nokså stor grad har stor interesse for skulekvalitet. Ved PPT Indre Sogn svarer dei at dei ikkje veit eller ikkje kjenner til det.

Ved Voss interkommunale PPT-kontor, PPT Indre Sogn og Sogndalsregionen PPT vurderast den respektive rådmannen i noko grad eller nokså stor grad å syne interesse for fagleg kvalitet i skulen. PPT Indre Sogn vurderer at rådmannen i svært liten grad syner interesse for fagleg kvalitet.

Skulefagleg ansvarleg vurderast av Voss interkommunale PPT-kontor og Luster PPT å ha systematisk og jamnleg dialog med PP-kontoret i stor grad, og ved Sogndalsregionen PPT i nokså stor grad. PPT Indre Sogn meiner skulefagleg ansvarleg i svært liten grad har systematisk og jamnleg dialog med PP-kontoret.

Det fell naudsynt å oppmode om at administrativ og skulefagleg leiing i Lærdal finn ut kva grunnlaget for denne kritiske kommentaren frå PP-kontoret i Årdal baserer seg på.

7. AVSTAND TIL GLANSBILETA



Figur 7a Spørjeundersøkinga

Respondentgruppa har om lag 2/3 kvinner. Aldersprofilen syner at mange er over 50 år, og at det innan kort tid vil vere trong for nyttilsetjingar.

7.1 Vurdering av PP-tenesta

Følgjande spørsmål knytt til glansbileta inngår i vurderinga av PP-tenesta. Det vil seie at av spørsmåla knytt til dei fire glansbileta er det desse som handlar om korleis pp-tenesta vert oppfatta i høve til glansbileta:

<u>Tilgjengeleg</u>
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta er imøtekomande
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta bistår kommunen med gode råd om korleis samarbeidet med andre aktørar i oppvekstsektoren (helsestasjon, barnevern, etc) kan utviklast
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta har faste kontaktpersonar mot skular og barnehagar
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta er tilgjengeleg for skulen/ barnehagen med rett kompetanse til rett tid
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta er tilgjengelege og aktive i samband med overgangar (foreldremøte, personalmøte, m.v.)
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta utarbeider sakkunnige vurderingar for elevar innan rimeleg tid
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta evaluerer og prioriterer ressursbruk for å sikre rimeleg lik merksemd mot ulike skular/barnehagar
<u>Førebyggjande</u>
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta deltek aktivt på fellesarenaer saman med Helsestasjon, foreldre, barnehage/skule
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta rettleier planarbeidet for kontinuerleg systemarbeid i skular og barnehagar
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta driv systematisk rettleiing av personalet i barnehage slik at dei blir i stand til tidlig å identifisere behov, og sette i verk tiltak
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta intervenserer tidleg i barnehagen - bidreg til kartlegging, identifiserer utfordringar og rådgir for tidleg innsats
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta tek del i observasjon og oppfølging i klassemiljøet før eventuell tilmelding
<u>Tidleg innsats</u>
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta har gode og tydelege prosedyrar for mottak av tilmelding
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta gir aktivt råd til kommunane om før-tilmeldingsprosedyrar
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta har ein tydeleg og forståeleg «tenestekatalog» slik at lærarar/bhg-lærarar veit kva type hjelp og oppfølging (kompetanse) PPT kan bidra med
<u>Kompetanse</u>
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta har tilstrekkeleg fagkompetanse innafor alle dei problemstillingar som tenesta skal arbeide med
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta hentar inn kompetanse hjå andre når denne ikkje er til stades eller tilgjengeleg i eige kontor i einskildsaker
<ul style="list-style-type: none">• PP-tenesta har haldningar og vilje til å gjere skulen/barnehagen betre i stand til å løyse utfordringar knytt til eleven sitt læringsutbytte
<ul style="list-style-type: none">• Skulen/barnehagen får god hjelp frå PPT med systemretta kompetanse når det vert bestilt

- Skulen/barnehagen får tenester frå PPT knytt til elevar med enkeltvedtak når det vert bestilt

VURDERING AV KVALITET I PPT OPP MOT GLANSBILETE

I tabellen under er ei vurdering av PP-tenesta frå kommunalt tilsette og PP-tilsette som leverer til dei enkelte kommunane. Fargekode etter kor høg (grøn) eller låg (rød) score som blir gitt.

Til dømes vurderer kommunalt tilsette i Aurland PP-tenesta som svært godt tilgjengeleg (4,6 på ein skala til 5), medan PPT sjølv vurderer seg til 4,4 på same skala. Sogndalsregionen leverer til Sogndal, Leikanger og Vik. Desse kommunane er samde om at leverandøren har noko å gå på når det gjeld å jobbe førebyggjande.

	Aurland		Balestrand		Leikanger		Luster	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (PPT)	4,6	4,4	4,9		4,0	4,3	4,0	3,9
Førebyggjande (PPT)	3,4	3,4	4,1		2,9	3,6	3,2	4,4
Tidleg innsats (PPT)	4,1	4,2	4,2		3,5	4,2	3,8	4,1
Kompetanse (PPT)	4,0	4,3	4,6		3,9	4,4	3,9	4,5

	Lærdal		Sogndal		Vik		Årdal	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (PPT)	4,4	4,1	3,8	4,3	3,7	4,3	4,3	4,1
Førebyggjande (PPT)	4,0	3,5	2,8	3,6	3,0	3,6	3,6	3,5
Tidleg innsats (PPT)	4,4	4,3	3,5	4,2	3,5	4,2	4,4	4,3
Kompetanse (PPT)	4,4	4,3	3,3	4,4	3,6	4,4	4,0	4,3

ULIKSKAP I VURDERING AV KVALITET I PPT OPP MOT GLANSBILETE

Under finn ein same tabellen. Her markerer fargekode høg (rød) eller låg (grøn) spreing i score mellom dei to gruppene, dvs. om oppfatninga om det same glansbiletet er ulik mellom kjøpar og leverandør.

	Aurland		Balestrand		Leikanger		Luster	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (PPT)	4,6	4,4	4,9		4,0	4,3	4,0	3,9
Førebyggjande (PPT)	3,4	3,4	4,1		2,9	3,6	3,2	4,4
Tidleg innsats (PPT)	4,1	4,2	4,2		3,5	4,2	3,8	4,1
Kompetanse (PPT)	4,0	4,3	4,6		3,9	4,4	3,9	4,5

	Lærdal		Sogndal		Vik		Årdal	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (PPT)	4,4	4,1	3,8	4,3	3,7	4,3	4,3	4,1
Førebyggjande (PPT)	4,0	3,5	2,8	3,6	3,0	3,6	3,6	3,5
Tidleg innsats (PPT)	4,4	4,3	3,5	4,2	3,5	4,2	4,4	4,3
Kompetanse (PPT)	4,4	4,3	3,3	4,4	3,6	4,4	4,0	4,3

Her legg vi mellom anna merke til at tenesta i Luster oppfattar seg å levere tettare på glansbiletet for «Førebyggjande» enn kva kommunen gjer. Sogndalsregionen leverer til Sogndal, Leikanger og Vik. Desse kommunane er mindre samde med leverandøren i vurderingane enn dei andre kommunane.

7.2 Vurdering av Eigar

Følgjande spørsmål knytt til glansbilda inngår i vurderinga av Eigar (kommunen som skuleeigar)





Tilgjengeleg
<ul style="list-style-type: none"> Kommuneleiinga sikrar at ulike einingar i kommunen har godt definerte ansvarsområde (helsestasjon, barnehage og skule) innafor eit heilskapleg oppvekstlivsløp slik at ingen sakskompleks "fell mellom stolar" Kommuneleiinga sikrar at skulen/barnehagen har tilstrekkeleg fokus på systemretta arbeid Foreldre får tilstrekkeleg informasjon om kva rettar elevane har når det gjeld tilpassa opplæring og spesialundervisning, jf opplæringslova Kommuneleiinga set skuleleiinga i stand til å bestille rett teneste frå PPT Kommuneleiinga har gitt tydelege føringar om at skulen jamleg skal gjennomføre og dokumentere kartlegging av elevane sitt læringsutbytte
Førebyggjande
<ul style="list-style-type: none"> Kommuneleiinga etterspør jamleg informasjon om PP-tenesta si prioritering av ressursar til førebyggjande arbeid
Tidleg innsats
<ul style="list-style-type: none"> Kommunale leiarar har god kjennskap til kva kompetanse PPT sit på Kommuneleiinga held drøftingsmøte 2 – 4 gonger i året basert på anonyme meldingar,





der også PPT deltek

VURDERING AV SKULEEIGAR OPP MOT GLANSBILETE

I tabellen under er ei vurdering av kor godt Eigiar (kommunen som skuleeigar) ivaretek forventningane i glansbileta, sett frå kommunalt tilsette og PP-tilsette som leverer til dei enkelte kommunane. Fargekode etter kor høg (grøn) eller låg (rød) score som blir gitt.

Øvst til venstre vurderer kommunalt tilsette i Aurland kommune tilgjengelegheita til Eigiar i kommunen (3,7).

	 Aurland		 Balestrand		 Leikanger		 Luster	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Eigar)	3,7	3,8	3,4		3,9	3,5	3,8	4,3
Førebyggjande (Eigar)	2,0	2,0	3,0		3,5	4,0	3,0	4,0
Tidleg innsats (Eigar)	3,5	3,0	4,7		3,6	3,6	3,6	3,3

	 Lærdal		 Sogndal		 Vik		 Årdal	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Eigar)	4,1	2,5	3,6	3,5	3,7	3,5	3,5	2,5
Førebyggjande (Eigar)	3,0	1,0	2,0	4,0	2,5	4,0	4,0	1,0
Tidleg innsats (Eigar)	3,6	2,7	3,3	3,6	2,9	3,6	3,0	2,7

Vi vel å ikkje kommentere tala for Årdal, sidan dei har bede om å ikkje vere del av vurderinga.

Her legg vi mellom anna merke til at Eigiar blir vurdert svært ulikt i ulike kommunar (frå både kommunalt tilsette og pp-tilsette), spesielt når det gjeld glansbilete Førebyggjande.

Dei raude tala bør vere grunnlag for kommunane til å vurdere kva ein kan gjere for å bli betre med omsyn til forventningane som er uttrykte i glansbileta. Både Lærdal og Aurland har potensial for forbetring – særleg knytt til det førebyggjande, slik pp-tenesta vurderer det.

ULIKSKAP I VURDERING AV SKULEEIGAR SETT FRÅ KOMMUNE OG PPT

Under finn ein same tabellen, men her er spreing i oppfatning fargekoda. Øvst til venstre vurderer kommunalt tilsette (3,7) og PP-tenesta (3,8) i Aurland kommune tilgjengelegheita til Eigiar i kommunen. Fargekode markerar høg (rød) eller låg (grøn) spreing i score mellom dei to gruppene, dvs. om oppfatninga om det same glansbiletet er ulik mellom kjøpar og leverandør.

	Aurland		Balestrand		Leikanger		Luster	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Eigar)	3,7	3,8	3,4		3,9	3,5	3,8	4,3
Førebyggjande (Eigar)	2,0	2,0	3,0		3,5	4,0	3,0	4,0
Tidleg innsats (Eigar)	3,5	3,0	4,7		3,6	3,6	3,6	3,3

	Lærdal		Sogndal		Vik		Årdal	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Eigar)	4,1	2,5	3,6	3,5	3,7	3,5	3,5	2,5
Førebyggjande (Eigar)	3,0	1,0	2,0	4,0	2,5	4,0	4,0	1,0
Tidleg innsats (Eigar)	3,6	2,7	3,3	3,6	2,9	3,6	3,0	2,7

Vi legg merke til at det er svært ulik oppfatning av kor vidt Lærdal eller Årdal kommune jobbar førebyggjande, sett frå eigen ståstad og sett frå pp-tenesta i Indre Sogn. PPT vurderer Sogndal og Vik som betre med omsyn til å jobbe førebyggjande enn kva dei gjer sjølve.

7.3 Vurdering av Skule/barnehage



Følgjande spørsmål knytt til glansbilda inngår i vurderinga av Skule/barnehage:




<u>Tilgjengeleg</u>
<ul style="list-style-type: none"> Skulen/barnehagen sikrar alle elevar gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom hovudtrinna
<u>Førebyggjande</u>
<ul style="list-style-type: none"> Skulen/barnehagen inviterer ved behov PPT til observasjon av klassemiljø før eventuell tilmelding av einskildsaker
<u>Tidleg innsats</u>
<ul style="list-style-type: none"> Rektorar/ barnehagestyrarar bestiller rett teneste frå PPT Skulen/barnehagen praktiserer systemoppmelding før tilmelding Skulen/barnehagen opplever låg terskel for å ta kontakt med PPT Skulen/barnehagen ser på PPT som ein naturleg (og ansvarleg) samarbeidspartnar når det gjeld utvikling av læringsmiljøet i barnehage og skule
<u>Kompetanse</u>
<ul style="list-style-type: none"> Barnehage og skule har gode system for vurderingar ved overgangar mellom ulike trinn i utdanningsløpet Skulen/barnehagen rekrutterer og vidareutdannar tilsette for å kunne føre god fagleg dialog med spesialpedagogar/PPT om systemretta tiltak (organisasjonsutvikling)

VURDERING AV SKULE/BARNEHAGE OPP MOT GLANSBILETE

I tabellen under er ei vurdering av barnehage/skule frå kommunalt tilsette og PP-tilsette som leverer til dei einskilde kommunane. Fargekode etter kor høg (grøn) eller låg (rød) score som blir gitt.

Øvst til venstre vurderer kommunalt tilsette i Aurland kommune tilgjengelegheita til Skuler/barnehagar i kommunen.

	 Aurland		 Balestrand		 Leikanger		 Luster	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Skuler/bhg.)	4,0	4,0	4,3		4,3	4,4	4,4	4,3
Førebyggjande (Skuler/bhg.)	4,0	3,5	4,0		3,8	2,9	4,0	4,0
Tidleg innsats (Skuler/bhg.)	4,0	3,6	4,4		3,8	3,9	4,0	3,8
Kompetanse (Skuler/bhg.)	2,8	4,0	3,5		3,4	3,6	3,4	4,4

	 Lærdal		 Sogndal		 Vik		 Årdal	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Skuler/bhg.)	4,5	3,5	4,5	4,4	4,2	4,4	3,5	3,5
Førebyggjande (Skuler/bhg.)	3,5	2,8	3,3	2,9	3,2	2,9	4,0	2,8
Tidleg innsats (Skuler/bhg.)	4,1	3,1	3,7	3,9	3,6	3,9	4,2	3,1
Kompetanse (Skuler/bhg.)	4,0	2,7	3,2	3,6	2,6	3,6	2,2	2,7

Alle kommunar er relativt gode på overgangar.

Vi legg merke til at i dei kommunalt tilsette si vurdering av skuler/barnehagar vurderast glansbilete Kompetanse lågast av dei fire glansbileta i alle kommunar utanom Lærdal.

ULIKSKAP I VURDERING AV SKULE/BARNEHAGE SETT FRÅ KOMMUNE OG PPT

Under finn ein same tabellen, men her er spreing i oppfatning fargekoda. Øvst til venstre vurderer kommunalt tilsette (4,0) og PP-tenesta (4,0) i Aurland kommune tilgjengelegheita til Skuler/barnehagar i kommunen. Fargekode markerar høg (rød) eller låg (grøn) spreing i score mellom dei to gruppene, dvs. om oppfatninga om det same glansbiletet er ulik mellom kjøpar og leverandør.

	Aurland		Balestrand		Leikanger		Luster	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Skuler/bhg.)	4,0	4,0	4,3		4,3	4,4	4,4	4,3
Førebyggjande (Skuler/bhg.)	4,0	3,5	4,0		3,8	2,9	4,0	4,0
Tidleg innsats (Skuler/bhg.)	4,0	3,6	4,4		3,8	3,9	4,0	3,8
Kompetanse (Skuler/bhg.)	2,8	4,0	3,5		3,4	3,6	3,4	4,4

	Lærdal		Sogndal		Vik		Årdal	
	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT
Tilgjengeleg (Skuler/bhg.)	4,5	3,5	4,5	4,4	4,2	4,4	3,5	3,5
Førebyggjande (Skuler/bhg.)	3,5	2,8	3,3	2,9	3,2	2,9	4,0	2,8
Tidleg innsats (Skuler/bhg.)	4,1	3,1	3,7	3,9	3,6	3,9	4,2	3,1
Kompetanse (Skuler/bhg.)	4,0	2,7	3,2	3,6	2,6	3,6	2,2	2,7

Vi registrerer at ein i Lærdal (og Årdal) har jamt over større positiv oppfatning av seg sjølv i skulen, enn kva pp-tenesta har av dei same eigenskapane, medan vi finn motsett haldning i Vik og Luster når det gjeld kompetanse.

7.4 Vurdering av PP-kontora

Tabellane under viser vurdering av dei ulike PP-kontora frå kommunalt tilsette i kommunen det leverast til og frå PP-kontora det leverast frå.

Øvst til venstre i tabellen under vurderer kommunalt tilsette i Aurland kommune tilgjengelegheita til Voss interkommunale PPT. Fargekode visar kor høg (grøn) eller lav (rød) score som blir gitt.

	Voss interkommunale PPT		Årdal PPT		PPT-Sogndalsregionen		Luster PPT	
	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette
Tilgjengeleg	4,4	4,6	4,1	4,3	4,3	3,8	3,9	4,0
Førebyggjande	3,4	3,4	3,5	3,8	3,6	2,9	4,4	3,2
Tidleg innsats	4,2	4,1	4,3	4,4	4,2	3,5	4,1	3,8
Kompetanse	4,3	4,0	4,3	4,2	4,4	3,5	4,5	3,9

Vi registrerer at dei kommunalt tilsette meiner pp-kontora har mest å gå på når det gjeld å være førebyggjande i sitt arbeid

Øvst til venstre i tabellen under vurderer kommunalt tilsette i Aurland kommune (4,4) og Voss interkommunale PPT (4,6) som leverandør, tilgjengelegheita til PPT i kommunen. Fargekode markerar høg (rød) eller lav (grøn) spreing i vurdering av tenesta mellom dei to gruppene, dvs. om oppfatninga om det same glansbiletet er ulik mellom kjøpar og leverandør.

	Voss interkommunale PPT		Årdal PPT		PPT-Sogndalsregionen		Luster PPT	
	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette
Tilgjengeleg	4,4	4,6	4,1	4,3	4,3	3,8	3,9	4,0
Førebyggjande	3,4	3,4	3,5	3,8	3,6	2,9	4,4	3,2
Tidleg innsats	4,2	4,1	4,3	4,4	4,2	3,5	4,1	3,8
Kompetanse	4,3	4,0	4,3	4,2	4,4	3,5	4,5	3,9

Den største spreinga mellom pp-tilsette og kommunalt tilsette finner vi i vurderinga av PPT-Sogndalsregionen. PP-tenesta vurderer si egen teneste høgare enn dei kommunalt tilsette gjer.

7.5 Spørsmål med høgast/lågast gjennomsnittsscore

I tabellen under har vi plukka fram einskildspørsmål knytt til dei fire glansbileta. Tal viser gjennomsnittleg vurdering frå alle respondentar i alle kommunar. Kolonnane til høgre visar kommunen som scorar høgast/lågast på spørsmålet i kvar kommune etter svara frå kommunalt tilsette.

5 på topp		Høgast	Lavest
PP-tenesta har faste kontaktpersonar mot skular og barnehagar	4,48	Aurland/Balestrand/ Leikanger/Lærdal	Luster
PP-tenesta er imøtekomande	4,41	Aurland/Balestrand/ Lærdal	Vik
PP-tenesta har gode og tydelege prosedyrar for mottak av tilmelding	4,37	Aurland/Balestrand	Vik
Skulen/barnehagen opplever låg terskel for å ta kontakt med PPT	4,33	Aurland/Balestrand	Vik
Skulen/barnehagen får tenester frå PPT knytt til elevar med enkeltvedtak når det vert bestilt	4,26	Aurland	Sogndal

Dei som scorar høgast på dei områda der gjennomsnittsscoren også er høg, vil vere døme til å bygge på.

5 på bunn		Høgast	Lavest
PP-tenesta tek del i observasjon og oppfølging i klassemiljøet før eventuell tilmelding	3,04	Lærdal	Vik
Skulen/barnehagen rekrutterer og vidareutdannar tilsette for å kunne føre god fagleg dialog med spesialpedagogar/PPT om individretta tiltak (einskildvedtak/tilpassa opplæring)	2,96	Balestrand/Lærdal	Årdal
Skulen/barnehagen rekrutterer og vidareutdannar tilsette for å kunne føre god fagleg dialog med spesialpedagogar/PPT om systemretta tiltak (organisasjonsutvikling)	2,82	Lærdal	Årdal/Vik
Kommuneleiinga etterspør jamleg informasjon om PP-tenesta si prioritering av ressursar til førebyggjande arbeid	2,74	Årdal	Sogndal/Aurland
Kommuneleiinga held drøftingsmøte 2 – 4 gonger i året basert på anonyme meldingar, der også PPT deltek	2,44	Balestrand	Vik/Lærdal

Dei som scorar lågast på dei områda der gjennomsnittsscoren også er låg, vil vere område å rette inn utviklingsarbeid mot.

7.6 Spørsmål med høgast/lågast standardavvik


Tal viser standardavvik/spreiing i score frå alle respondentar samla. Kolonnane til høgre visar kommunen som lågast/høgast spreieing i svara frå kommunalt tilsette i kvar kommune.

Dei 5 med lavast spreing		Lavest spreidning	Høgast spreidning
PP-tenesta er tilgjengeleg for skulen/ barnehagen med rett kompetanse til rett tid	0,63	Luster	Balestrand
Skulen/barnehagen sikrar alle elevar gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom hovudtrinna	0,64	Årdal	Leikanger
PP-tenesta utarbeider sakkunnige vurderingar for elevar innan rimeleg tid	0,66	Sogndal	Balestrand
PP-tenesta har tilstrekkeleg fagkompetanse innfor alle dei problemstillingar som tenesta skal arbeide med	0,67	Leikanger	Sogndal
Skulen/barnehagen får tenester frå PPT knytt til elevar med enkeltvedtak når det vert bestilt	0,70	Aurland	Vik/Årdal

Dei 5 med høgast spreing		Lavest spreidning	Høgast spreidning
Skulen/barnehagen rekrutterer og vidareutdannar tilsette for å kunne føre god fagleg dialog med spesialpedagogar/PPT om individretta tiltak (einskildvedtak/tilpassa opplæring)	1,17	Årdal	Balestrand
Skulen/barnehagen praktiserer systemoppmelding for tilmelding	1,23	Årdal	Lærdal
PP-tenesta driv systematisk rettleiing av personalet i barnehage slik at dei blir i stand til tidlig å identifisere behov, og sette i verk tiltak	1,24	Leikanger/Årdal	Aurland
PP-tenesta bistår kommunen med gode råd om korleis samarbeidet med andre aktørar i oppvekstsektoren (helsestasjon, barnevern, etc) kan utviklast	1,28	Lærdal	Balestrand
Kommuneleiinga held drøftingsmøte 2 – 4 gonger i året basert på anonyme meldingar, der også PPT deltek	1,31	Vik	Balestrand

7.7 Avstand til glansbilete 1¹⁵

Vurdering av glansbilete Tilgjengelegheit til PPT, Eigiar og Skule/barnehage vurdert av kommunalt tilsette og PPT-tilsette (inkludert leiar). Øvst til venstre vurderast Tilgjengelegheit til PPT av kommunalt tilsette.




Eigiar blir vurdert å ha den lågaste tilgjengelegheita av dei tre gruppene og vurderast lavast av dei pp-tilsette.

¹⁵ Det er nyttig å ha detaljane i glansbileta framfor seg i tolkinga av desse figurane.

7.8 Avstand til glansbilete 2


Vurdering av glansbilete Førebyggjande og evne/vilje til dette frå PPT, Eigiar og Skule/barnehage vurdert av kommunalt tilsette og PPT-tilsette (inkludert leiar). Øvst til venstre vurderast Førebygging frå PPT av kommunalt tilsette.



Eigiar vurderast arbeide minst førebyggjande av dei tre gruppene.

7.9 Avstand til glansbilete 3


Vurdering av glansbilete Tidleg innsats frå PPT, Eigar og Skule/barnehage vurdert av kommunalt tilsette og PPT-tilsette (inkludert leiar). Øvst til venstre vurderast Tidleg innsats frå PPT av kommunalt tilsette.



Eigar blir vurdert å vere dårlegast på tidleg innsats av dei tre gruppene og vurderast lavast av dei pp-tilsette. Både pp-tilsette og kommunalt tilsette vurderer sin eigen innsats betre enn kva motparten gjør.

7.10 Avstand til glansbilete 4

Vurdering av glansbilete Kompetanse hos PPT, Eigar og Skule/barnehage vurdert av kommunalt tilsette og PPT-tilsette (inkludert leiar). Øvst til venstre vurderast Kompetanse i PPT av kommunalt tilsette.



PP-tilsette vurderer kompetansen som høgare både hos seg sjølv og hos skulen/barnehage enn kva dei kommunalt tilsette gjer.

7.11 Likskap og ulikskap glansbilete

8. OPPSUMMERING

Innleiingsvis er det rett å peike på at skulane i regionen gjer det godt i høve eit nasjonalt nivå :

Kommune	Elevtal	Gruppestorleik 8.-10. trinn/ 2013	Grunnskulepoeng		
			2011	2012	2013
Aurland	189	11,0	41,4	39,9	47,7
Balestrand	146	10,4	41,2	44,6	44,4
Leikanger	322	13,5	41,8	42,4	43,0
Luster	673	11,2	41,7	40,9	42,0
Lærdal	246	16,7	43,7	41,2	40,9
Sogndal	942	12,9	42,6	42,2	41,9
Vik	307	13,7	41,9	41,6	39,3
Årdal	575	13,2	40,0	40,6	39,8
Høyanger	543	9,9	40,8	42,0	41,0
Snitt Sogn & Fjord		8,7	41,5	41,2	41,5
Snitt Landet		14,4	40,0	40,1	40,4

Tabell 8a Grunnskulepoeng

Samstundes er det slik at variasjonen er stor og det same er samla ressursbruk og bruk av ressursar til spesialundervisning. Det er naturleg å reise spørsmålet om dette er to dimensjonar som heng saman når ein ser på resultatet frå skulane i regionen både for grunnskulepoeng, nasjonale prøvar og eksamensresultat.

8.1 Variasjon i kommunal ressursbruk – kva forklarar den?


Vi har sett etter om det finst nokre samanhengar mellom trekk ved kommunane si vurdering av eiga merksemd mot spesialundervisning og ressursbruken. Slike samanlikningar kan best nyttast som utgangspunkt for diskusjon om utvikling framover, og det er viktig å merke seg at dette er glimt frå røyndommen og ikkje basert på data over lange tidsperiodar.

Vi har prosentuert tal elevar i ulike time-grupper for å få eit betre samanlikningsgrunnlag enn dei absolutte tala kan føre med seg.


Kommune	Elevtal	Undervisning		Spesialundervisning		Assistent årsverk	Gruppering for spesialundervisning (% av elevar med spesialundervisning)				Kostratal 2013
		Årstimar	Årsverk	Årstimar	% spesial underv		1-75 t	76-190 t	191-270 t	< 271	
Aurland	189	16 160	25,9	2 518	15,5	0,9	0 %	20 %	27 %	53 %	100 469
Balestrand	146	11 195	18,1	1 995	17,8	2,3	0 %	43 %	43 %	14 %	156 887
Leikanger	322	20 072	30,5	4 390	21,8	3	0 %	50 %	25 %	25 %	102 538
Luster	673	52 886	79,7	14 858	28	9,3	6 %	38 %	22 %	35 %	134 842
Lærdal	246	18 593	27,6	2 905	15,6	0,9	75 %	8 %	8 %	8 %	143 411
Sogndal	942	57 452	88,9	12 253	21,3	6,1	22 %	47 %	12 %	19 %	99 237
Vik	307	23 492	34,8	4 114	17,5	1	0 %	52 %	26 %	22 %	120 915
Årdal	575	39 268	63,8	7 082	18	2,5	15 %	42 %	24 %	20 %	123 074
Høyanger	543	49 909	77,5	9 454	18,9	7	8 %	39 %	18 %	35 %	138 415
Landssnitt											99 108

Tabell 8b Gruppering spesialundervisning i %

Først som sist kan ein slå fast at det ikkje er nokon klår samanheng mellom samla kostnad per elev og bruk av timar til spesialundervisning:




Om vi ser på tal timar nytta til spesialundervisning og den politiske merksemda mot dette finn vi knapt nokon samanheng:




Balestrand meiner å ha høg grad av politisk merksemd mot ressursbruken, medan Vik og Lærdal er i motsett ende, og andel timar til spesialundervisning er om lag like stor.


Figuren under stadfestar noko av det same biletet. Her er ressursbruken pr elev samla vurdert mot grad av politisk styring.



Det er også vanskeleg å etablere nokon samanheng mellom rådmannen si oppleving av å kunne påverke ressursbruken og tal timar nytta til spesialundervisning:




Litt annleis vert det når vi spør kommunalsjef om det same:



Her kan det sjå ut som at det er ein viss samanheng mellom i kva grad kommunalsjef opplever å ha innverknad på ressursbruk (forstått som tal lærartimar til spesialundervisning av total tal undervisningstimar). I alle fall har dei tre kommunane som der kommunalsjef meiner å ha liten kontroll også det høgste forbruket, mens Lærdal kor kommunalsjef opplever å ha god innverknad har det minste forbruket.

Om ein bryt ned ressursbruken på ulike årstidgrupper blir biletet noko annleis. Her har vi slege saman gruppene under 190 timar, sidan ein må rekne med at elevar med meir enn 190 timar er elevar med særskilt tunge behov, og uansett organisering og grad av systemretta arbeid vil ha behov for individretta tiltak.



Vi ser at Lærdal har nesten alle sine elevar som får spesialundervisning i denne gruppa, medan Aurland har svært få, medan vurderinga av å ha innverknad på ressursbruken er at kommunalsjef i Lærdal meiner å ha stor slik innverknad, og Aurland etter måte meiner å ha svakare innverknad. Kommunalsjefane i både Sogndal, Leikanger, Luster og Aurland opplever å ha liten innverknad på ressursbruken, sjølv om dei har svært ulik fordeling i tal elevar med spesialundervisning.

8.1.1 Ei melding til kommunane

Det mest slåande med materialet er at det viser eit uryddig bilete. Bakgrunnen for å hevde dette er at vi avdekker

- a) Svært varierende interesse for å svare på spørsmåla utløyste av politiske vedtak i kommunane
- b) Mangelfull politisk interesse for saksfeltet
- c) Stor variasjon i kommunal merksemd mot og styring av ressursbruken
- d) Stor variasjon i eigeninnsikt om tenesta og kvaliteten i eige arbeid i kommunane

Rapporten bør tene som grunnlag for drøftingar internt i kvar kommune knytt til korleis ein kan etablere eit politisk, administrativt og skulefagleg samspel som set kommunen i stand til å uttrykke klare forventningar til den organisasjonen som skal levere tenester på pp-området. Det vil seie at alle kommunane har, om enn ulike og i ulik grad, spennande utviklingsoppgåver framfor seg. Det handlar om å etablere

- Tydeleg planmessig tilnærming til spesialundervisning der ein langt meir aktivt gjennomfører skuleinterne vurderingar og tiltak før ein tilmelder. Prinsippa for slikt arbeid må forankrast i ei fagleg og politisk ramme.

- Klåre rolleforventningar i det skulefaglege miljøet i kommunen. Vi ser at rådmennene i ulik grad opplever å kunne styre, og at dei til dels vert oppfatta som utydelege i si merksemd mot skulen. Organiseringa av skulefagleg ansvar er ulik i kommunane, og i nokre av desse er ansvaret fordelt på fleire utan at rollene er tydelege.
- Betre administrativ støtte til styringa av skuledrifta. Vi har sett at fleire kommunar har mangelfull registrering av opplysningar om omfang og kostnader knytt til tenesta. Det er svært vanskeleg å styre utan slik oversikt, og politiske og faglege diskusjonar vert tufta på upresis informasjon.
- Gode møteplassar mellom kommune og pp-tenesta der ein diskuterer og etablerer klåre forventningar til kvarandre uavhengig av einskildleveransar.

Det som synest eintydig er at dei fleste kommunane er nøgde med det som har vore levert så langt, men når vi held det opp mot kva ein meiner er ei god framtidig teneste, så har alle PP-kontor ein veg å gå når det gjeld å jobbe førebyggjande. Ein sit litt fast i tilvande handlemønstre, og ansvaret for å bryte dette mønsteret må ligge på skuleeigar, som tross alt må bere kostnaden, både med bruk av egne ressursar og kjøp av tenester.

I dei fleste kommunane ser vi at det er rom for å bygge betre tenester til skulane og elevane, men at det er ulike oppfatningar om korleis dette kan gjerast mellom kommune og leverandør. Det er neppe vrang vilje, men mangel på kommunikasjon som forklarar dette.

8.2 Variasjon i opplevd tenestekvalitet – kva forklarar den?

I vurderinga av korleis PP-kontora leverer på glansbileta er den gjennomgåande oppfatninga at kontora er jamt over gode. Dei vert oppfatta som tilgjengelege, gode på tidleg innsats og at dei er rimeleg kompetente.

	Voss interkommunale PPT		Årdal PPT		PPT-Sognndalsregionen		Luster PPT	
	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette	PPT	Kom. tilsette
Tilgjengeleg	4,4	4,6	4,1	4,3	4,3	3,8	3,9	4,0
Førebyggjande	3,4	3,4	3,5	3,8	3,6	2,9	4,4	3,2
Tidleg innsats	4,2	4,1	4,3	4,4	4,2	3,5	4,1	3,8
Kompetanse	4,3	4,0	4,3	4,2	4,4	3,5	4,5	3,9

Gjennomgåande lågast score er på det å jobbe førebyggjande. Her har kontora, uavhengig av organisering ein god jobb å gjere.

Sidan vi ikkje har klart å etablere tydelege samanhengar mellom kommunale trekk og ressursbruken til spesialundervisning, er det heller ikkje råd å peike på at det er slike forklaringar som ligg bak den samla oppfatninga av at det er på det førebyggjande området jobben må gjerast. Ei mogleg forklaring er difor at det er ei heller unison oppfatning av at PP-kontora er gode til å levere på dei forventningane som har vore til tenesta, men at dei ikkje i like stor grad er budde på ei omlegging til høgare grad av aktivitet i prosessar før tilmelding, eller i prosessar som ikkje bør føre til tilmelding. Det er viktig å avklare om PP-kontora opplever å ha ei slik oppgåve, og kommunane må klårgjere korleis relasjonen mellom skule og PPT skal vere for å sikre dette.

8.2.1 Ei melding til pp-tenesta

PP-tenesta i dag evner samla sett å levere på dei fleste område der det er etterspurnad. I somme delar av regionen ser vi at det er ein ubalanse mellom kompetansebakgrunn i PPT og dei behova skulane har. Dette handlar om korleis PPT rekrutterer tilsette med kunnskap om heile skuleløpet. Utfordringa framover vil vere å etablere ei teneste som

- dekker dei behova der det er avdekka manglar i høve til dagens utfordringar (td. å dekke betre behov i ungdomsskulen), og stø opp under sosialpedagogiske utfordringar
- har ein profil slik at ein betre kan støtte kommunane og skulane med førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

8.3 Er det leverandør eller kjøpar som har utfordringa?

Det korte svaret er at det ligg utfordringar hjå begge partar. I kommunane er det både systemmanglar og kompetansebristar. Men variasjonen er stor, slik at det skulle vere råd å lære av kvarandre. Uavhengig av ei framtidig ny organisering av pp-tenesta har kommunane som skuleeigarar eit utviklingsarbeid framfor seg. Dette handlar om å etablere mål og strategiar (politisk), system og leiing (administrativt) og naudsynt kompetanse (rektorar og lærarar).

Kommunane er samde om at dei kan bli betre til å bestille. Men det må da etablerast eit grunnleggjande syn på kva som kan og bør bestillast. Om det er slik at ein skal auke fokus på førebyggjande arbeid, vil det krevje tiltak både i kommunen, t.d. auka eigenkompetanse i tilrettelagt opplæring, samstundes som at PP-kontora må vurdere sine arbeidsmåtar. I PP-kontora samla sett har ein betydeleg kompetanse, men står framfor visse rekrutterings utfordringar. Materialet syner også at det ikkje er godt nok samsvar mellom PP-tilsette sin bakgrunn og kompetanse og dei behov som skulane opplever å ha behov for.

8.4 Kan ein organisere seg til ei betre teneste?

Det er ikkje mykje i materialet som tyder på at tenesta er dårleg. Nokre kontor har litt skeiv kompetansesamansetjing i høve til den elevmassen dei skal levere tenester til. Men samla sett finst det kompetanse i regionen til å levere på stort sett alle behov. Å utnytte denne kompetansen betre, og samstundes målrette ressursbruken meir, vil truleg ha god effekt. Det vil alltid vere nokre som skal ha, og har omfattande behov for, spesialundervisning. Så finst det truleg ved noko omlegging dei elevane som kunne ha vore betre tente med tilrettelagt undervisning, som ikkje er spesialundervisning. Det er ei oppgåve for både pp-tilsette og skuleansvarlege å finne slike løysingar. Den primære grunngevinga må vere at einskildeleven ikkje skal oppleve å bli mottakar av spesialundervisning, om han kunne ha vore betre tent med tilrettelagt undervisning i klassen han høyrer heime i. Dette handlar meir om å vri den samla ressursbruken som å redusere den.

8.5 Kan ein organisere seg til ei meir ressurseffektiv teneste?

Det heng nok saman med kor vidt kommunane som skuleeigarar evnar å lage planar for skulen som gjer det mogeleg å både utvikle eige personale, og til å etterspørje ei litt annleis teneste enn den vi har i dag. Det er ikkje gitt at ei ny teneste, basert på ein samla PP-leverandør i regionen, eller to leverandørar, leverer meir ressurseffektivt enn i dag. Faktorar som leiing, eigarstyring og kompetansen i personalet i tillegg til ulike kulturar i skule og barnehage, vil påverke ressurseffektiviteten.